

Framlegg til buffersone for verdsarven Urnes stavkyrkje

Fagdokument



Foto: Urnes Stavkyrkje, Simon Breth

Innholdsforsteikning

1 Innleiing	4
2 Omtale av verdsarvverdiar og tilhøyrande verdiar	6
2.1 OUV	7
2.2 Tilhøyrande verdiar og viktige element	8
2.2.1 Tilhøyrande verdiar for verdsarven Urnes stavkyrkje	9
3 Trugsmål og innverknadar på verdsarven og tilhøyrande verdiar	10
3.1 Det synlege landskapsrommet kring Ornes	10
3.2 Stoda på Ornes i dag	11
3.3 Direkte skade på kyrkje og kyrkjegard	12
3.4 Utbygging og infrastruktur	13
3.5 Endringar i kulturlandskapet	13
3.6 Moglege trugsmål mot verdsarven knytt til næringsaktivitet	15
3.7 Hyttebygging og infrastruktur knytt til friluftsliv	16
3.8 Drone- og helikopterflyging	16
3.9 Folketalsutvikling og aktivitet	16
3.10 Transport	16
3.10 Klimaendringar og naturskade	17
3.11 Moglegheiter i og for området	18
4 Inndeling av bufferzona	19
5 Nærsoner	22
5.1 Nærzone 1	22
5.1.1 Høgsensitiv nærzone Ornes	23
5.1.2 Tunet (Klyngjetunet)	24
5.2 Delområde 1 Ornes	25
5.2.1 Verdsarvsenter på Ornes	26
5.2.2 Verdsarvverdiar, tilhøyrande verdiar og viktige element i delområde 1	27
5.2.3 Arkeologiske spor i delområde Ornes	28
5.3 Nærzone 2	28
5.3.1 Delområde 2 Kvanngjelane- Tausasva - Persgjel	29
5.3.2 Delområde 3 Loi – Kroken	29
5.3.3 Delområde 4 Kinsedal	30
5.3.3.1 Viktige element i delområde 4 Kinsedal	31
5.3.4 Delområde 5 Solvorn	31
5.3.5 Delområde 6 Mollandsmarki	33
5.3.6 Delområde 7 Fjorden 1	34
6 Fjernsona	35

6.1 Delområde 8 Fjordliene Kinsedal – Kvarven	36
6.2 Delområde 9 Krokadalen – Tisedalshøgdi – Marheimsholten	36
6.3 Delområde 10 Fjell og fjordlier: Haugmelen – Molden	37
6.4 Delområde 11 Nes	37
6.5 Delområde 12 Fjorden 2	38
6.5.1 Tilhøyrande verdjar i delområde 12	39
6.6 Tiltak som kan verke forstyrrende på verdsarvverdiane	39
7 Forvaltning	41
7.1 Fortidsminneforeininga (eigar) si rolle	41
7.2 Luster kyrkjelege fellesråd si rolle	41
7.3 Luster kommune si rolle	41
7.4 Vestland fylkeskommune si rolle	41
7.5 Riksantikvaren si rolle	42
7.6 Miljødirektoratet si rolle	42
7.7 Klima- og miljødepartementet si rolle	43
7.8 Statsforvaltaren i Vestland si rolle	43
7.9 Andre viktige instansar	43
7.9.1 Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande områder	43
7.9.2 Verdsarvkoordinator	44
7.10 Lovverk og konvensjonar	44
7.10.1 Verdsarvkonvensjonen	44
7.10.2 Kulturminnelova (lov av 9.juni 1978 nr. 50)	45
7.10.3 Plan- og bygningslova	45
7.10.4 Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd	46
7.10.5 Andre relevante lover	47
8 Vedlegg	49
Vedlegg 1: Oversikt over kjennemerke (attributt) og objekt som inngår i OUV	49
9 Kjelder	50

1 Innleiing

UNESCO sine retningslinjer for implementering av Verdsarvkonvensjonen, forpliktar forvaltningsmyndigheitene til å etablere buffersoner rundt verdsarvområda. Buffersona skal sikre ekstra beskyttelse for verdsarven sin *framståande universelle verdi* (heretter kalla OUV¹), og verdsarven sine *tilhøyrande verdiane* i buffersona. Buffersona skal ivareta kulturminne, kulturmiljø og landskap som står opp om verdsarvverdiane. I dette anerkjenner ein at inngrep som vert gjort utanfor sjølve verdsarvstaden, kan verke inn på verdiane til verdsarvobjektet, og at det kan finnast verdiane utanfor det innskrivne verdsarvarealet som er viktige for verdsarven.

Buffersona skal utarbeidast i tråd med “Retningslinjer for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen” (Operational Guidelines) artikkane 108-119².

Ei godt forvalta buffersoner kan vere med å hindre tap av verdsarvverdiane. God forvaltning skal styrke verdsarven, auke engasjement og lokal verdiskaping, og tydeleggjere kva omsyn som må takast for å sikre eit langsiktig og heilskapleg vern av verdsarvverdiane. Forvaltninga skal også sikre føreseie, avverje konflikt og eliminere usikkerheit om verdsarven si tolegrense.

Oppdraget med å etablere ei buffersoner er forankra i *Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område*, og det er sett ned ei arbeidsgruppe beståande av verdsarvkoordinator, representant for Luster kommune, Riksantikvaren, Vestland fylkeskommune, Fortidsminneforeininga og representantar frå lokalsamfunna. Verdsarvrådet har rolle som styringsgruppe.

Dette dokumentet skildrar eit framlegg til buffersona for Urnes stavkyrkje og definerer områda som utgjer denne sona. Buffersona famnar kring kulturhistoriske element, og det landskapsrommet som er med på å styrke den historiske forståinga av verdsarvminnet, og den skal ivareta siktelinjer til og frå stavkyrkja.

I kapittel 2 vert verdsarvverdiane og dei tilhøyrande verdiane til Urnes stavkyrkje presentert. Vidare skildrast dei eksisterande og potensielle trugsmåla verdsarven står ovanfor og kva innverknad dette vil ha på stavkyrkja i kapittel 3. Inndelinga av buffersona sine nærsone og fjernsone er skissert i kapittel 4 og 5 gjennom kart, tabellar og skriftleg utgreiing. I kapittel 7 blir alle dei involverte forvaltningsorgana og dei aktuelle lovverka presentert. Andre kart og tabellar som er relevante for buffersona er samla som vedlegg i kapittel 8.

Dette er eit fagdokument som bør leggjast til grunn for arbeidet hjå ulike lokale, regionale og statlege forvaltningsmynde. Det vert m.a. lagt til grunn for Luster kommune si planlegging jfr. Pbl (Plan og bygningslova). Luster kommune utarbeider ein kommunedelplan for buffersona som skal syte for dei juridiske sidene av ivaretakinga av verdiane til verdsarven. Kommunedelplanen omfattar ikkje nye utbyggingsområde eller vesentleg endra arealbruk. Kommunedelplanen og buffersona kan få konsekvensar for tiltak som medfører:


¹ Outstanding Universal Value

² UNESCO “Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention” tilgjengeleg frå: <https://whc.unesco.org/en/guidelines/>, *lasta ned 25.11.22.*

1. store landskapsinngrep
2. større infrastruktur- og utbyggingstiltak
3. endringer i horisontlinjer
4. store endringer i landskapsformer
5. endring av gjeldende arealføremål

Buffersona omfattar eit kulturhistorisk landskap av høg verdi og er eitt av 21 områder i tidlegare Sogn og Fjordane fylke som er føreslått til Riksantikvaren sitt register for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA).

Kartavgrensing buffersone:




Figur 1 Buffersone sine yttergrenser.

2 Omtale av verdsarvverdiar og tilhøyrande verdiar

Verdsarvområdet³ på Ornes består av stavkyrkja og kyrkjegarden med ei omsynssone. Det vert gjennomført nokre ordinære gudstenester i løpet av sommarmånadane, og verdsarven vert framleis brukt til kyrkjelege ritual. Kyrkjegarden er enno i bruk som gravstad.

I den retrospektive uttala om OUV (2013)⁴ vert det storslegne fjordlandskapet trekt fram.⁵ Det store landskapsrommet stør opp om verdsarvverdiane til Urnes stavkyrkje, og tiltak i landskapet, kan gjere verdsarvverdiane sårbare.

Utanfor verdsarvområdet finst det tilhøyrande verdiar. Med *tilhøyrande verdiar* meiner me kjennemerke (attributtar), områder og tilhøve i landskapsrommet som stør opp om verdsarvverdiane til stavkyrkja. Desse har ei historisk, kulturell eller geografisk tilknytning til verdsarvminnet, og trugsmål mot desse verdiane, er også trugsmål mot verdsarvverdiane.



Figur 2 Felt 1: stavkyrkja og mellomalderkyrkjegarden, som er automatisk freda etter kulturminnelova, felt 2: omsynssone for det automatisk freda området, felt 3: verdsarvområdet. Lasta ned frå www.fylkesatlas.no 24.11.22.

³Verdsarvområdet: https://whc.unesco.org/en/list/58/multiple=1&unique_number=62, lasta ned 24.11.22.

⁴Innskrivingstekst UNESCO: <https://whc.unesco.org/en/list/58/>, lasta ned 24.11.22

⁵ibid

2.1 OUV

Urnes stavkyrkje er skriven inn på UNESCO si verdsarvliste etter følgjande kriterium⁶:

(i) representerer ein unik kunstnarisk eller estetisk prestasjon, eit meisterverk av kreativ genialitet

Den eineståande kvaliteten på den utskorne dekoren i Urnes stavkyrkje vitnar om ein unik kunstnarisk prestasjon. Treutskjeringane på utsida omfattar panel med bandornament og element i vikingtradisjon frå bygningen som stod der tidlegare (1000-talet), og som har gitt namn til Urnesstilen. Desse utskjeringane går igjen på nordveggen, der motiva er kjempande dyr med samanslyngde kroppar. Liknande utskjeringar dekker den triangelforma vestgavlen til skipet og austgavlen til koret. Inne i kyrkja finn vi ei iaugefallande rekke av figurative kapitel frå 1100-talet. Kyrkja inneheld dessutan ei mengd liturgiske gjenstandar frå mellomalderen.

(ii) har hatt stor påverknad over eit langt tidsrom eller innanfor eit kulturområde i verda, på utvikling innanfor arkitektur, monumental skulptur, hage- og landskapsutforming, relaterte kunstformer, byplanlegging eller busettingar

Stavkyrkjene er rekna for å vere dei mest interessante og velutvikla trebygningane i den vesteuropeiske kultursfæren i mellomalderen. Dei fører vidare ein tradisjon med trearkitektur som ein gong i tida var felles for store delar av Europa, men som i dag har gått tapt, bortsett frå dei bygningane som er bevarte i Noreg. Urnes er ei av dei eldste norske stavkyrkjene og også den som er best handverksmessig utført. Kyrkja viser også utviklinga frå tidlegare teknikkar og bidrar dermed til forståing av utviklinga i denne bestemte tradisjonen.

(iii) vera unikt, ekstremt sjeldan, eller stamme frå ei fjern fortid

Stavkyrkjene utgjer ein av dei mest forseggjorde trekonstruksjonane som er typiske for Nord-Europa, frå den yngre steinalderen til mellomalderen. Av dei omtrent 1300 stavkyrkjene som er registrerte frå mellomalderen, står det framleis 28 i Noreg. Denne eineståande samlinga av trebygningar finst i ulike typar og storleikar. Urnes er ei mellomstor stavkyrkje. Noko som er sjeldan, er at ho inneheld gjenbrukte element frå ei stavkyrkje som var bygd rundt eit hundreår tidlegare, noko som blei påvist ved utgravingar i 1956–1957. Både dekorative element og konstruksjonselement frå den tidlegare kyrkja blei brukte om igjen.

Urnes stavkyrkje representerer eit tidleg fortidsminne innan trebygningar. Dekoren på utsida av den eldste kyrkja er bevart i utruleg god stand etter å ha vore utsett for all slags vêr i nesten eitt tusen år.

Stavkyrkjene var før å finne over heile landet, og var også ein utbreidd byggeskikk i Nord-Europa. I Noreg har det truleg vore om lag 1000 stavkyrkjer. I dag står berre 28 att. Dei fleste som har overlevd hundreåra, er å finne i avsidesliggande område i innlandet, eller i fjordarmane i Sør-Noreg. Desse representerer ein tidlegare europeisk arkitektur og handverkstradisjon.

Til grunn for omgrepet *stavkyrkje*, ligg konstruksjonen. Stavkyrkja er bygd opp av vertikale stavar eller stolpar som står på ein liggande rammekonstruksjon av sviller. Vertikale veggplankar eller *tiler* er sett ned i desse botnsvillane og dannar veggen, og ramma låsast øvst av sokalla *stavlegjer*. Dette dannar eit grunnlag for variasjon med omsyn til storleik og samansetning av element.

⁶ Innskrivingstekst UNESCO verdsarvliste: <https://whc.unesco.org/en/list/58/>, lasta ned 14.11.22.

Urnes stavkyrkje er ei av dei få attståande eksemplara av denne byggetradisjonen, og gjennom innskrivinga representerer den denne tradisjonen. I tillegg har kyrkja ein høg arkitektonisk verdi.

Kriteria for innskriving peiker også på den kunstnarlege verdien som er i utskjeringane i Urnesstil. Mest kjent er nordportalen, men også to panel, ein hjørnestav og kyrkja sine to gavlfelt er skorne ut i same stil. Dette er material som var brukt på ei kyrkje bygd på same stad omlag 1070, og gir soleis ekstra tidsdjupne til bygget, og kan bidra til å kaste lys over datida sitt syn på gjenbruk, kunst og ivaretaking.

I arkeologiske utgravingar under kyrkja, er det registrert stolpehol som fortel om ytterlegare eldre stavbygg med jordgravne stolpar, på kyrkjestaden. Urnes som kyrkjestad fortel soleis om utviklinga av stavbyggteknikken, frå dei tidlege formene med jordgravne stolpar, til den fullenda forma med sviller kvilande på ein steinmur.

Kyrkja sin OUV peiker på bygget som ei heilskapleg og autentisk kjelde til mellomalderen sin religionspraksis, og tilhøyrande kultur og samfunn.

Urnes stavkyrkje vart reist i eit område med lang historie og strategiske interesser. Kulturminne utanom verdsarvområdet stør opp om historia som stavkyrkja er ein del av. Landskapsrommet stavkyrkja står i er fritt frå større inngrep. Dette gir ei oppleving av tidlausheit, og gjer at stavkyrkja kan verte opplevd fritt frå forstyrrande element.

Ei forenkla oversikt over kjennemerke (attributtar) og objekt som inngår i OUV finnast i vedlegget s. 48.

2.2 Tilhøyrande verdiar og viktige element

Ein tilhøyrande verdi er kulturminne og andre element i kulturlandskapet som stør opp om verdsarven sin OUV, gjennom ei historisk tilknytning til verdsarvminnet, eller gjennom å kaste lys over tradisjonar og historie som verdsarven sin OUV representerer.

Viktige element innanfor buffersona er kulturhistoriske objekt og spor eller element i landskapet som er med på å formidle det store tidsrommet i verdsarvminnet sitt nærområdet.

Oversikt over viktige element innanfor buffersona, samt utfyllande skildring av tilhøyrande verdiar ligg som vedlegg til dokumentet.

2.2.1 Tilhøyrande verdiar for verdsarven Urnes stavkyrkje

Kart over nærområdet til Urnes stavkyrkje med aktuelle gards- og stadnamn og kulturminne:



Figur 3 Kart over delområde 1 Ornes.

Oversikta viser dei tilhøyrande verdiane til Urnes stavkyrkje, kva tilknytning dei har til verdsarven og i kva område ein finn dei:

Objekt	Tilknytning til verdsarven	Delområde	Sone
Kyrkjebakken	Viktig sosial arena i forhold til kyrkjebygget, og ein integrert del av det som har skjedd ved kyrkja	1 Ornes	Nærsonen 1
Støpulhaugen (Stoppelshaug)	Funksjonell samanheng med kyrkja. Støpulen var plassert på haugen bak kyrkja.	1 Ornes	Nærsonen 1
Tunet (det tidlegare klyngjetunet)	Funksjonell samanheng med kyrkja. Her budde truleg dei som bygde kyrkja, jf. Sverres saga, truleg busetnad på staden tilbake til 500-talet.	1 Ornes	Nærsonen 1
Omkringliggande dyrka mark og slåtteteigar	Ein viktig del av samanhengen kyrkja har stått i frå ho vart bygd. Også del av årsaka til at ho blei satt opp der ho står i dag.	1 Ornes	Nærsonen 1
Stølsvegen	Sti mellom Ornes og stølane. Kan ha vore ferdselsveg i retning Offerdal/ Seimsdalen/Årdal.	1 Ornes	Nærsonen 1
Holveg	Viser til ferdsla i tidlegare tider og opp til kyrkja og bruken av området. Element som viser den store tidsdjupna i området.	1 Ornes	Nærsonen 1
Høgesteinen	Bauta frå jernalder. Formidlar tidsdjupne på staden, tidleg busetnad.	1 Ornes	Nærsonen 1

Ragnvaldshaugen	Gravhaug. Formidlar tidsdjupne på staden, tidleg busetnad. Samanheng mellom alder og grunnlag for stavkyrkja	1 Ornes	Nærsone 1
Skiphaugen	Gravhaug. Formidlar tidsdjupne på staden, tidleg busetnad. Samanheng mellom alder og grunnlag for stavkyrkja.	1 Ornes	Nærsone 1
Naustområde	Funksjonell samanheng med kyrkja, ferdselsveg, del av næringsgrunnlag på Ornes.	1 Ornes	Nærsone 1
Utstå	Båtstø som vart brukt i samband med at folk skulle kome til kyrkja frå Kinsedalen. Tidlegare tilkomst til kyrkja	1 Ornes	Nærsone 1
Innstå	Båtstø som vart bruk når dei frå Kroken kom til kyrkja. Her er det spor etter stien frå båtstøa opp til kyrkja. Tidlegare tilkomst til kyrkja.	1 Ornes	Nærsone 1
Solvorn	Solvorn har ein historisk og kulturell samanheng med stavkyrkja og er i dag den viktigaste innfallsporten for besøkande til Urnes stavkyrkje. Det er spor etter lang tids bruk av området. Strandsitjarmiljøet i Solvorn er eit døme på tidleg tettstadsutvikling på Vestlandet, slik arkeologane tenkjer seg at td. tettstaden i Bjørgvin såg ut før bydanninga. Kyrkjestaden er samtidig med den på Ornes og det er siktelinjer mellom desse. Kaien i Solvorn syner til fjorden som hovudferdselsåre og den lange tradisjonen med kontakt mellom Solvorn og Ornes.	5 Solvorn	Nærsone 2
Sognefjorden/ Fjordlandskapet	Omtalt i den retrospektive innskrivingsteksten. Hovudferdselsåre.	12 Fjorden	Fjernsone

3 Trugsmål og innverknadar på verdsarven og tilhøyrande verdjar

I dette kapittelet er både eksisterande og potensielle trugsmål mot verdsarvverdiane skildra. De finst fleire eksempel på tiltak og inngrep i buffersona som vil svekke den historiske verdien av stavkyrkja, vere forstyrrende for opplevinga av staden, og følgeleg vere skadeleg for verdsarven. Det er difor viktig at det blir gjort vurdering av i kor stor grad dette vil påverke verdsarvverdiane. Eksempel på trugsmål kan vere besøksslitasje, fråflytting, klimaendringar, etablering av vindkraftverk eller masseuttak i fjellsider. Landskapet si naturlege form må verte sikra innanfor buffersona. Dersom det likevel skulle kome planar for større tiltak må dei konsekvensutgreiast etter regelverket i UNESCO sin rettleiar og føresetnadene om konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova. Dei følgande delkapitla skildrar døme på trugsmål, men er ikkje ei uttømmende oversikt.

3.1 Det synlege landskapsrommet kring Ornes

Verdsarven Urnes stavkyrkje står reist på ein terrasse om lag 120 moh. på Ornes, eit nes som stikk seg tydeleg fram i Lustrafjorden. Frå stavkyrkja ser ein over til Solvorn og Mollandsmarki i vest og fjellområda sør for Solvorn. Ser ein innover fjorden, stoppar

siktelinene på Nes, eit bygdesamfunn på fjorden si vestsida. Ser ein ut fjorden, stoppar siktelinene ved Ombandsnes, ytst i fjorden.

Det synlege landskapsrommet frå Ornes er dominert av fjord, fjell og fjordlier. Bygda Solvorn tvers ovanfor Ornes på den andre sida av Lustrafjorden utgjer ein vesentleg del av det visuelle inntrykket. Oppe på eit platå nord for Solvorn, og under det karakteristiske fjellet Molden ligg grenda Mollandsmarki. Mollandsmarki er karakterisert av spreidde gardar. Hus og driftsbygningar på Mollandsmarki strekk seg heilt ut mot kanten av platået, om lag 500 meter over Lustrafjorden. Grenda set sitt markante preg på siktelinene frå stavkyrkja på Ornes.

Sør for Solvorn strekker det seg eit uutbygd fjellparti, med fjelltoppen Store Haugmelen som stikk som ei tann opp frå eit flatt fjellmassiv. Frå Ornes kan ein følgje dette fjellmassivet med blikket, til det vrir seg vestover om Ombandsnes.

Frå andre sida av fjorden er Ornes godt synleg frå Mollandsmarki og Solvorn. Som ei grend som ligg tvers over fjorden for begge, er den ein vesentleg del av landskapet. Stavkyrkja er synleg både frå Solvorn og Mollandsmarki, og for dei som beveger seg i høgda i fjella, men ein skal vite kva ein ser etter. Det bruntjøra bygget forsvinn lett mot bakgrunnen, og kjem fyrst meir tydeleg fram på ferjeturen over fjorden. Vegetasjonen på Ornes har tetta seg til over dei siste generasjonane, der det tradisjonelle husdyrhaldet, slått og åkerdrift har vorte meir erstatta av frukt og bærproduksjon. Kyrkja er lettare å få auge på om vinteren, då trea står utan blad.

3.2 Stoda på Ornes i dag

Landskapet er i dag fritt frå store inngrep, og synleg busetnad er gjort i dimensjonar som ikkje bryt med eldre bygningskultur og kulturminne. Området er lite påverka av visuelle forstyrringar eller lyd- og lysforureining. Dette er sider av området som er med på å oppretthalde verdiane til verdsarvminnet, og må sjåast som ein styrke i buffersoneområdet. Det er ønskjeleg at dei naturlege formene i landskapet vert verna om, og at forstyrringar i form av lyd, lys eller konstruksjonar som bryt med den visuelle heilskapen, vert unngått i området.

Ornes og Sørsida opplever ein generell nedgang i folketal. I tråd med at landbruksaktivitet minkar, opplever me ei attgroing av kulturlandskapet. Dette er eit konkret trugsmål med omsyn til lokalt klima, mikroklima og brannrisiko, og det endrar den visuelle karakteren til landskapet. Siktelinertil vert avgrensa, og kulturminne som var reist for å kunne synast langs ferdsléårene, til dømes gravhaugar, vert pressa av vegetasjonen.

Situasjonen på Ornes er kompleks. På den eine sida er det ønskjeleg å legge til rette for å leve på Ornes og langs Sørsida i ein moderne kvardag, på same tid som det urørte i området er ein kvalitet som bør verte hegna om. Den sparsommelege innverknaden frå det moderne liv speler positivt inn på verdsarvverdiane og dei tilhøyrande verdiane. Det er viktig å finne ein god balanse mellom bevaring av dei kulturhistoriske verdiane, og innbyggarane sine behov.

Eit levande lokalsamfunnet med fastbuande er svært viktig for ivaretakinga av verdsarven. Aktivitet i grendene og i småbruka på- og rundt Ornes, vil kunne bidra til skjøtsel av kulturlandskapet, vidareføring av dei lange historiske linene i området, og sikre naboskap til verdsarvminnet.

Urnes stavkyrkje vert årleg vitja av kring 20.000 betalande besøkjande. Fortidsminneforeninga arbeider med å byggje eit nytt besøksenter på Ornes; Urnes verdsarvsenter.⁷ Dette skaper positiv aktivitet på Ornes, på same tid som eit auka besøkstrykk og spreining av fotavtrykk på staden, kan representere eit trugsmål mot kyrkja som bygg, andre kulturminne, og bulyst i lokalbefolkninga. Dette er utfordringar ein må vere seg medviten i besøksdrift på Ornes.

Eit fysisk verdsarvsenter på Ornes byr også på moglegheiter for lokalsamfunnet. Det vil kunne fungere som ein formidlar av kortreiste produkt, og formidle verdiane i å ta vare på landskap, kultur og tradisjonar. Eit senter vil tilby ein samlingstad for bygdesamfunna langs Sørsida, og legge til rette for fjernarbeidsplassar og arbeidsplassar på staden. Senteret skal bidra til å spreie fotavtrykk, og tilby besøkande kunnskap om området og korleis ein kan bidra til å støtte opp om lokal verdiskaping. Fortidsminneforeninga har utarbeidd ein *Strategi for berekraftig besøk*, som er del av grunnlaget for arbeidet med verdsarvsenteret.⁸

3.3 Direkte skade på kyrkje og kyrkjegard

Risiko og sårbarheit for skade på grunn av brann, innbrot, hærverk og naturskade er vurdert. Kulturminne er utsett i situasjonar knytt til krig og terror. Noreg har beredskapsplanar for slike situasjonar.

Brann: Brann er det største direkte trugsmålet for stavkyrkja og verdsarvverdiane. Det er gunstig at stavkyrkja står slik den står i dag, utan bygningar tett inntil. Det finst restriksjonar for busetnad rundt stavkyrkja, som mellom anna skal hindre at det vert bygd nær stavkyrkja, jf. Reguleringsplan for Ornes (1997)⁹ og Kulturminnelova. Luster Kommune har utarbeida brannsikringsplan for klyngjetunet på Ornes i 2020.

Nærleik til busetnad gir nabooppsyn og det er følgjeleg vesentleg for kyrkja sin tryggleik at ein opprettheld busetnad rundt kyrkja. Insentivordningar innanfor buffersona kan bidra til fortsett busetnad i området.

Slitasje: Ein vesentleg del av kyrkja sitt eksteriør er gjenbruksmaterial frå kyrkje nummer 3 på staden ("Urnesstilens kyrkje", datert ca. 1070). Dette inkluderer den særprega nordportalen, som har gjeve namn til *Urnesstilen*. Desse bygningsdelane står eksponert for elementa.

Kyrkjegarden er sårbar for slitasje dersom mange besøker denne. Uvørden ferdsel på kyrkjegarden utgjør ein risiko for auka slitasje av fottrykk, og for skade på graver, gravstøtter og kyrkjegardsmur.

Under turistsesongen lyt ein løyse billett til kyrkja for å kunne besøke kyrkjegarden. Unntak vert gjort for fastbuande og dei som steller graver på kyrkjegarden. Dette gjer at det meste av trafikken på kyrkjegarden skjer under oppsyn av omvisar i kyrkja. Maksimalt 25 personar om gongen er tillate i kyrkja under omvisingane.

⁷Urnes stavkyrkje og verdsarvsenteret si nettside: <https://www.urnesstavkirke.no/>, lasta ned 21.11.22.

⁸ Fortidsminneforeningen, *Strategi for berekraftig besøk*, tilgjengeleg frå: <https://fortidsminneforeningen.no/om-oss/styringsdokumenter/>, lasta ned 24.11.22.

⁹ Luster kommune (1997) *Reguleringsplan for Ornes*. Tilgjengeleg frå: https://webhotel3.gjislina.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1997002, lasta ned 24.11.22.

Turisme: I løpet av sommarsesongen løyser rundt 20.000 einskildmenneske billett til kyrkja. Tal frå billettsal på ferja Solvorn-Ornes indikerer eit langt større tal besøkjande. Turistane bruker eit nokså avgrensa område av Ornes, noko som fører til eit stort trykk på dei travlaste dagane. Dette medfører risiko for slitasje og uhell.

3.4 Utbygging og infrastruktur

Ein vesentleg opplevingsverdi for Ornes stavkyrkje er det store landskapsrommet, både utsynet til og frå kyrkja, og den visuelle opplevinga av kyrkja i landskapet. Stavkyrkja har stått i eit kulturpåverka landskap sidan den vart bygd, og sjølv om dette landskapet har vore i stadig endring, har konstanten vore jordbruket. Endring av landskapet, ved t.d. større utbyggingsprosjekt, bygging i større dimensjonar, med utradisjonell utforming og materialbruk, etablering av store moderne landbruksbygningar, storindustri osb. kan vere visuelt forstyrrende for opplevinga av kyrkja i landskapet og kome i konflikt med verdsarvverdiane.

Etablering av bustad- og hyttefelt på Ornes kan vere eit trugsmål mot verdsarvverdiane. Ved eventuell revidering av reguleringsplan for Ornes, skal ein vurdere behov for føringar for å ivareta opplevinga av kyrkja i landskapet. I tillegg er området sårbart for store landskapsmessige inngrep. Dei mange gardsbruka med eldre bygningsmasse på Ornes er særskild sårbare for endringar i bygningane, innmarka og frukthagar som kan forringe deira kulturhistoriske verdi. Den verneverdige bygningsmassen på gardane bør takast vare på. Dette gjeld særskild bygningsmassen på Ornes og i Solvorn. Gardane langs kanten av Mollandsmarki er svært synlege frå Ornes, og spelar inn i opplevinga av området. Endring av bygningsmasse i den synlege delen av Mollandsmarki bør vegast opp mot verdiane i buffersona og den eventuelle påverkinga på verdsarven.

Utbygging av eksisterande veginfrastruktur eller etablering av ny, bør verte vurdert mot kva innverknad inngrepa vil ha på verdsarven sin OUV og verdiane i buffersona. Verdien eventuell utbetring for privatbilar vil ha for lokalsamfunna, må verte sett i samanheng med eventuell svekking av verdi som følgje av auka trafikk og større vegmasse. Større landskapsinngrep må vegast opp mot påverking av verdsarvverdiane og verdiane i buffersona.


3.5 Endringar i kulturlandskapet

Kulturlandskap er i stadig endring – også på Ornes og dei tilhøyrande områda. Årsaka kan knytast til strukturelle samfunnsendringar, som også er universelle, med ei verdsomspennande urbanisering flyttar folk frå bygda og gardsbruk, og landbruksareala går ut av drift. Det fører til at driftsformene i landbruket blir endra.

Tidlegare var det vekt på husdyrhald med fleire husdyrslag som beita på Ornes og i utmarka sommarhalvåret. I seinare tid har det vore ei endring til større vekt på frukt- og bærproduksjon. Avviklinga av husdyrhaldet gjev seg utslag i både randområda til innmarka og utmarka generelt. Ein tett lauvskog veks seg stadig nærmare kyrkja. Det opne landskapet har vore ein viktig faktor både for opplevinga av landskapet, men og sytt for luftstraumar som bidrog til at kyrkja turkar opp.. Auka nedbørsmengder og skog som veks tettare inn på kyrkja fører til endra lokalklimatiske forhold. Dette fører til ei gradvis attgroing. Med framvekst av skog på Ornes er kyrkja i ferd med å forsvinna inn i eit tett skoglandskap.



Figur 4 Flyfoto Ornes frå 1965, henta frå www.norgebilder.no. Biletet viser det opne jordbrukslandskapet med teigar med ulik produksjon som saman danna eit variert mosaikklandskap på Ornes.



Figur 5 Flyfoto over Ornes frå 2019, henta frå www.norgebilder.no. Om ein samanliknar dette biletet og biletet frå 1965 ser ein endringar som følgje av omlegging av landbruket og attgroing.

3.6 Moglege trugs mål mot verdsarven knytt til næringsaktivitet

No-go prinsipp for utvinningsaktivitet og gruvedrift : UNESCO opererer med eit no-go prinsipp for utvinningsaktivitet og gruvedrift i verdsarvområde og i buffersoner. Globalt, er denne typen aktivitet den 7. mest viktige faktoren som verkar inn på verdsarvstadar som vert rapportert inn til UNESCO sitt hovudkontor. UNESCO arbeider for at verdsarvområda vert haldne utanfor denne typen aktivitet.

I 2003 implementerte ICMM (International Council on Mining and Metals) denne no-go forpliktinga. I 2013 vedtok verdsarvkomiteen *Decision 27 COM 7 (del 3)* i tråd med artikkel 6 i verdsarvkonvensjonen:

“urging all States Parties to the World Heritage Convention and the leading industry stakeholders, to respect the ICMM “No-go” commitment by not permitting extractives activities within World Heritage properties, and by making every effort to ensure that extractives companies located in their territory cause no damage to World Heritage properties”¹⁰

Oppdrettsanlegg: Dersom det vil bli vurdert etablering av oppdrettsanlegg i den delen av fjorden som er synleg frå Urnes stavkyrkje, vil dette kunne ha verknad på verdsarvverdiane og påverke den visuelle opplevingsverdien. Ein må rekne med store inngrep knytt t.d. til merdane i fjorden, fiskemottak, infrastruktur og det vil auke båttrafikken på fjorden. Dette er tiltak som vil påverke verdsarvverdiane negativt gjennom støy, ureining av fjorden, men kan og ha konsekvensar for det biologiske mangfaldet i området.

Vind- og solkraftanlegg: Vindmøller i bufferzona vil bryte med den elles så naturlege horisontlinja og dermed påverke den visuelle opplevinga av verdsarven. Etablering av solkraftanlegg vil verke negativt inn på den visuelle opplevinga, både gjennom sjølve innretninga, men og gjennom gjenskin frå panela. Utbygging av vind- og solkraftanlegg medfører store infrastrukturtiltak som er arealkrevjande og gir store inngrep i naturområdet med vegar, overføringsleidningar, kablar i bakken m.m.. Skulle det i framtida bli aktuelt med utbygging av slike kraftverk i bufferzona, kan dette vere uforeinleg med verdsarvstatusen og vil konsekvensutgreiast.

Turisme: Turisme bringer med seg gode til Ornes, men har også med seg eit betydeleg fotavtrykk. Sesongen ved stavkyrkja er kort og intens, med hovudvekt av besøkjande i juli og august. Mange som kjem er usikre på reglar for bruk av landskapet. Dette fører til ferdsl over innmark og i dyrkingsområder og noko bruk av open eld til matlaging og hygge. I periodar er det fleire besøkjande på Ornes enn det infrastrukturen klarar å ta imot. Dette heng også saman med parkerings- og trafikkutfordringane i Solvorn.

Det planlagde verdsarvsenteret skal bidra til å auke medvite om natur- og kulturarven med mål om å minske fotavtrykket til dei besøkande. Det inngår i miljømål for Urnes verdsarvsenter å etablere ei elektrisk drive transportløysing mellom senteret og stavkyrkja og dermed bidra til å dempe trafikknivået gjennom Ornes. Dette tilbodet vil redusere behovet for å køyre opp til kyrkja for dei som av ulike grunnar ikkje har moglegheita til å ta turen opp til fots.

Om ein legg til rette for meir besøk og eventuelt at besøkjande skal kunne bruke meir tid på Ornes, kan utbygging av overnattingstilbod og utbetring av infrastruktur vere naudsynte tiltak. Dette er tiltak som i så fall må vurderast opp mot verdsarvverdiane.

¹⁰ UNESCO: World Heritage and Extractive Industries, tilgjengeleg frå: <https://whc.unesco.org/en/extractive-industries/>, lasta ned 24.11.22.

3.7 Hyttebygging og infrastruktur knytt til friluftsliv

Luster kommune er ein godt besøkt kommune, og attraktiv for turistar som ønskjer å oppleve natur tett på kroppen. Turistnæringa er ein viktig aktør i kommunen, og også innbyggjarar har interesser i opplevingsinfrastruktur. Dersom tilbod vert etablert i buffersona, skal desse vegast opp mot verdsarvverdiane og verdiane i buffersona. Døme på slike tiltak kan vere:

- Via Ferrata langs dei synlege fjellsidene
- Skitrekk
- Småbåthamner
- Hyttefelt

3.8 Drone- og helikopterflyging

Drone- og helikopterflyging skal ikkje foregå av omsyn til opplevinga av stavkyrkja og roa i landskapet. Det er og knytt sikkerheitsaspekt til desse aktivitetane, då det kan bli medføre uhell og skade på bygg. Unntak frå dette er naudsynt drone- og helikopterflyging i regi av naudetane, anna offentleg verksemd og i landbrukssamanheng.

3.9 Folketalsutvikling og aktivitet

Me står over for ein situasjon der trenden i folketalsutviklinga på Ornes og langs Sørsida er negativ. Levande lokalsamfunn og naboskap til kyrkja, er avgjerande for å redusere dei fleste andre trugsmål mot verdsarven. Levande lokalsamfunn har også ein eigenverdi i seg sjølv, og som historieforvaltalar kring verdsarven.

Folketalsutviklinga er eitt av dei mest akutte trugsmåla for Ornes. Det er svært viktig for verdsarven si sikkerheit, og ivaretakinga av verdsarvstatusen, at det vert arbeidd målretta for å sikre framtidig fast busetnad på Ornes. Det er fleire faktorar som må verte arbeidd med for å løyse denne utfordringa. På Ornes og langs Sørsida er mange bustadar og eigedomar nytta som fritidsbustadar. Det er ikkje balanse mellom tilbod og etterspurnad på fast bustad.

3.10 Transport

Ei anna sentral utfordring er persontransport. I dag er det i hovudsak to måtar å kome seg til og frå Ornes: å køyre privat bil rundt Lustrafjorden, eller med ferjesambandet Ornes- Solvorn. Ferja er den viktigaste kontakten mellom Ornes og regionen. Ferjeavgangane utanom turistsesongen i kyrkja er få, og lar seg dårleg kombinere med fulltidsarbeid utanom bygda. Dette legg føringar for kven som reint praktisk kan velje eit liv på Ornes og langs Sørsida.

I arbeid med å løyse utfordringar med infrastruktur på Sørsida, må ein trø varsamt. Det kan vere motsetningar mellom dei faktorane som tryggjar verdsarven, og dei faktorane som bidreg til ei positiv utvikling i folketal. Ei heilskapleg tilnærming til tiltak innanfor buffersona, er såleis avgjerande for eit godt og langsiktig vern av verdsarven og områda rundt.

3.10 Klimaendringar og naturskade

Klimaendringane fører med seg ein meir fuktig og varm vêrtype, med meir intensivert regnfall, som kan føre til ei hurtigare nedbryting av trearkitektur og destabilisering av grunnen. UNESCO påpeikar at klimaendringar er ein av dei største trugsmåla mot verdsarven. Dette er også nemnd i innskrivingsteksten til Urnes stavkyrkje.

Luster kommune vil få både varmare somrar med lengre tørkeperiodar, og fleire regndøgn i åra som kjem. Me kan også vente oss meir styrtregn. Auka risiko for naturfenomen som jordskred, og spreiding av skogbrann i varme og tørre periodar, bør vere med i planar for vern av verdsarven.¹¹

Kor store endringane vert, vil avhenge av korleis eit samla verdsamfunn evner å møte felles klimamål. Om me reknar ei moderat redusering av Co2- utslepp, ventar me, mot slutten av hundreåret opp mot 28 fleire regndagar i året.

- Varmare og fuktigare klima vil kunne auke attgroinga, og gi fart til hurtigvoksande treslag.
- Hyppigare og meir intenst styrtregn vil auke overflatevatnet, og føre til erosjon i landskapet. Dette vil moglegvis også påverke kulturminne som gravhaugar og kulturlag under bakkeoverflata
- Lengre og meir intense tørkeperiodar vil auke risiko for vegetasjons- og skogbrann, samt føre til utfordringar for landbruksnæringa.
- Stiging av havnivå vil kunne by på utfordringar for viktige element og tilhøyrande verdier i strandsona, som naustområde, strandsitjarstaden Solvorn og kaiområda.

Riksantikvaren arbeider med klimatilpassing, og kunnskap om kva konsekvensar klimaendringane vil ha for kulturminna, landskap og kulturmiljøa våre. Ein del av arbeidet er også å sjå korleis sektoren kan bidra til å redusere klimautslepp. Ei anerkjening av at kulturminne og landskap står i ein samanheng, og eit heilskapleg fokus på kulturmiljø, er viktig for å møte dei utfordringane me står over for, og for å kunne bidra til heilskaplege løysningar.¹²

No går det føre ei miljøovervaking av stavkyrkja, på innsida og utsida, som del av Riksantikvaren sitt program for miljøovervaking av konsekvensane av klimabelastningar på freda bygningar.¹³ Denne overvakinga starta ved Urnes stavkyrkje i 2018.

For å møte utfordringane som kjem med eit klima i endring, vil det kunne vere aktuelt å gjennomføre ein CVI (Climate Vulnerability Index) eller ei kartlegging av sårbarheit/ motstandsdyktigheit til verdsarven og dei tilhøyrande verdiane. Norsk Klimaservicesenter har nettopp utarbeida klimarapportar for verdsarvstadane i Noreg, blant desse ein for

¹¹ NIKU (2016) *Hvorledes sikre og forvalte norske kirkebygninger i fremtidens klima. Urnes stavkirke. Tilgjengeleg frå: https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/2428457/Stavkirker_klima_NIKURapport_67_2016_Urnes.pdf?sequence=1&isAllowed=y*, lasta ned 20.10.22.

¹² Riksantikvaren (2021) "Riksantikvaren sin strategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030" Tilgjengeleg frå: <https://digitalt.ra.no/riksantikvarens-klimastrategi-for-kulturmiljoeforvaltning-2021-til-2030>, lasta ned 24.11.22.

¹³ Miljøovervåking av konsekvensene av klimabelastningene på fredete bygninger. Tilgjengeleg frå: <https://www.riksantikvaren.no/miljoovervaking-av-konsekvensene-av-klimabelastningene-pa-fredete-bygninger/>, lasta ned 24.11.22.

Urnes stavkyrkje¹⁴. Det bør gjerast grundig klimaframskrivingsarbeid for Urnes stavkyrkje og buffersona framover.

Klimatilpassing som medfører inngrep og/eller tiltak på kulturminne kan representere eit trugsmål mot kulturminneverdiar og verdsarvverdiar. Alle tiltak av inngripande karakter må verte vurdert opp mot desse. Tiltak som grip inn i verdsarven sin OUV må vere gjenstand for ein KU (konsekvensutgreiing for verdsarvverdiar), jf. rettleiar¹⁵.

3.11 Moglegheiter i og for området

Buffersona famnar kring eit landskapsrom som er rikt og mangfaldig. Landskapet i seg sjølv er ein ressurs for opplevingar og bidreg til identitetsskaping. Stilla som herskar i landskapet, og dei mange moglegheitene for å tileigne seg opplevingar i fri natur, byr på livskvalitet og sjeleleg ro i ei stadig meir hektisk verd. Landskapet har direkte og indirekte betydning for bukvalitet og reiseliv.

Landskapet er også ein økonomisk ressurs. Dei gode dyrkingsforholda i Luster mogleggjer ei rekke produkt. Verdsarv- og buffersonestatus kan verte nytta til å støtte opp om statusen til produkt skapt i området. Dette gjeld også opplevingsprodukt. Her finst det stadig ubrukt potensiale som kan stimulere til busetnad.

Den norske verdsarvpolitikken har ambisjon om å stå som fyrtårn for beste praksis. Denne ambisjonen kan verte brukt for å støtte opp om enkeltmenneske og bedrifter i buffersona som ønskjer å satse på nye idear som er i tråd med UNESCO sine berekraftsmål.

Buffersona er rik på kulturminne og kulturmiljø. Her er det utviklingspotensiale for formidling av fleire sider av området si lange tidsdjupne.

Dei mange turistane som kjem til Ornes kvart år, kjem også med gode til lokalsamfunnet. Turistane legger igjen pengar lokalt, og eitt nytt verdsarvsenter vil tilby ein ny måte for lokale produsentar å få formidle sine produkt. Fortidsminneforeininga arbeider etter ein strategi for berekraftig besøksforvaltning, og eitt ledd i dette er kompetansebygging. Kompetansebygginga vil kunne gagne lokale aktørar og bidra til å spreie kunnskap til turistane om balansert bruk av kulturmiljø og om vern av kultur- og naturverdiar.. Verdsarvsenteret vil vere eit nav i ei berekraftig besøksdrift.

Moglegheiter med ei vedteken buffersone:

- Buffersona vert innarbeidd i Luster kommune sin arealdel
- Buffersona kan verte eit definert område for særskilde tilskotsordningar knytt til landbruksdrift og skjøtsel av kulturlandskap jf. Miljødirektoratet si tilskotsordning til landbruk i verdsarven
- Buffersona kan verte definert som prioritert område for tilskott til istandsetjing av kulturmiljø
- Buffersona gir moglegheit til å søkje om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 t.d. istandsetjing av kulturminne, formidling og andre tiltak.¹⁶

¹⁴ Klimarapport frå Norsk Klimaservicesenter: <https://arcg.is/1PTSrG>, lasta ned 21.11.22.

¹⁵ Veiledning om Konsekvensutredningar for Verdenskulturarvområder: <https://www.iccom.org/news/new-guidance-set-help-reduce-impacts-development-world-heritage-sites>, lasta ned 14.11.22

¹⁶ Forskrift om tilskot verdsarv: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-08-13-2514>, lasta ned 24.11.22.

Moglegheiter i nytt verdsarvsenter:

- Formidle verdsarven Ornes sine materielle og immaterielle eineståande universelle verdiar (OUV-ar) og området sine rike oppsluttande verdiar på ein dynamisk, reflekterande og involverande måte til eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt publikum i alle aldrar
- Synleggjere dei universelle verdiane og dei brubyggjande eigenskapane til verdsarven på tvers av landegrenser
- Sikre at besøksdrifta er i balanse med verdsarven si tolegrense og setje fokus på berekraft i forvaltninga av kulturarv og naturressursar i eit lokalt og globalt perspektiv
- Lokal verdiskaping gjennom formidling og sal av lokale og kortreiste produkt og opplevingar
- Tilrettelegging for fjernarbeidsplassar og sysselsetting i senteret
- Møteplass for lokalsamfunnet, og fleirbruksareal som kan verte nytta til ulike føremål
- Kompetanseauking for forvaltning og formidling av landskap, kulturmiljø, handverk og kulturminne

4 Inndeling av buffersona

Buffersona er avgrensa ut frå fylgjande kriterium¹⁷:


1. Den historiske tilknytninga til gardsvaldet – dvs. den historiske garden Ornes
2. Det synlege landskapsrommet sett frå verdsarvminnet
3. Område med historisk, kulturell og funksjonell tilknytning til verdsarvstaden

Buffersona er delt inn i 12 delområde. Dette er gjort med bakgrunn bl.a. i det kulturhistoriske innhaldet i buffersona:

1. Nærheit til verdsarvminnet
2. Grad av kulturpåverknad
3. Utmarksområde som anten er synlege eller har historisk tilknytning til verdsarvminnet

¹⁷ Avgrensing og tabell er henta frå plandokument kommunedelplan, Luster Kommune.

Kartet viser soneinndelinga i buffersona og dei ulike delområda:



Figur 6 Kart over delområde og soner i buffersona.

Tabellen gir ei oversikt over dei ulike delområda, kva type område det er og kva tilknytning dei har til verdsarven:

Delområde nr	Namn på området	Type område	Soneområde	Tilknytning
1	Ornes	Nærområdet til verdsarvminnet og kjerneområde for den historiske garden	Nærsoner 1	Verdsarvområdet og det nære området til verdsarven
2	Kvanngjelane - Tausasva - Persgjel	Utmark	Nærsoner 2	Omkransar innmarksområdet på Ornes
3	Kroken - Loi - busetnad - landbruk	Gardsområde / innmark	Nærsoner 2	Historisk tilknytning

4	Kinsedal – busetnad – landbruk	Gardsbruk / innmark med småbruk	Nærsone 2	Historisk tilknytning
5	Solvorn – busetnad – landbruk	Bygd og landbruksområde – “inngangsportal” til verdsarven	Nærsone 2	I synsbiletet, høg grad av kulturpåverknad og nærheit til verdsarvminnet
6	Mollandsmarki – busetnad og landbruk	Gardsområde / innmark	Nærsone 2	I synsbiletet og høg grad av kulturpåverknad
7	Fjorden 1	Fjorden som ferdselsåre	Nærsone 2	Landskapsrommet, ferdsla . Samanbindinga mellom Ornes og Solvorn
8	Fjordliene Kinsedal - Kvarven	Utmarksområde med skog	Fjernsone	Historiske tilknytning
9	Krokadalen – Tisedalshøgdi - Marheimsholten	Utmarksområde	Fjernsone	Historisk tilknytning – utmark i gardsvaldet
10	Fjell og fjordlier Haugmelen – Molden	Utmark	Fjernsone	I synsbiletet
11	Nes	Gardsområde – busetnad	Fjernsone	I synsbiletetog høg grad av kulturpåverknad
12	Fjorden 2	Fjorden som ferdselsåre	Fjernsone	I synsbiletet og historisk tilknytning

Dei 12 delområda er fordelt på tre soner.

Nærsone 1

Nærområdet til Urnes stavkyrkje. Dette omfattar neset, og det historisk nære gardsområdet med strandlinje

Innanfor **Nærsone 1** er det definert ei *høgsensitiv nærsone*. Tiltak i den høgsensitive nærsone vil ha høg innverknad på verdsarven og OUV.

Nærsone 2

Sone med særleg omsyn til busetnad, bygningsvern, kulturlandskap og landskapsform

Fjernsone

Sone med særleg omsyn til landskapsformer, og som har historisk tilknytning til gardsvaldet Ornes, eller som er synleg frå verdsarvminnet

Tiltak i **Nærsonen 1** og **Nærsonen 2** vil ha større direkte innverknad på verdsarven og på OUV, enn tiltak i fjernsonene. I Høgsensitiv nærsonen og i nærsonen 1 og 2 vil det kunne være aktuelt med større detaljføring for inngrep og tiltak enn i fjernsonene.

I **Fjernsona** er det først og fremst dei større inngrepa i landskapet som er uønskte. Dømer på slike inngrep kan vere etablering av vindmøller, masseuttak, vasskraftutbygging, oppdrettsverksemd og turistanlegg/skianlegg.

«*Gardsvaldet Ornes*» er avgrensa mot kommunegrensa til Årdal og omfattar utmark / sameige for

- gnr 183 Ornes
- gnr 184 Kinsedal -kan ha høyrte til den historiske garden Ornes
- gnr 185 Åsen - kan ha høyrte til den historiske garden Ornes
- i tillegg gnr 182 Ytre Kroken.

5 Nærsoner

Føremålet med nærsonene er å ivareta verdsarven sin OUV, i tillegg til dei verdiane som ligg i kulturminne og bygningsmiljø som står i tett samband med stavkyrkja, geografisk, kulturhistorisk eller visuelt.

Nærsoner er områder der inngrep i eksisterande strukturar, eller tilføring av nye, vil ha vesentleg betydning for verdsarven og opplevinga av stavkyrkja. Tiltak og inngrep i nærsona må verte nøye vurdert mot eigenverdiar i nærområdet, og innverknadar på Urnes stavkyrkje sin OUV.

5.1 Nærsonen 1

Nærsonen 1 omfattar *delområde Ornes*. I nærsonen 1 vil inngrep i eksisterande landskapsformer, bygningsstrukturar og eventuelle nybygg og tiltak i vesentleg grad kunne ha innverknad på opplevinga av verdsarvminnet, og den historiske konteksten. Grensene til nærsonen 1 er trekt rundt neset Ornes. Delområde Ornes er i dag omfatta av reguleringsplan for Ornes som legg føringar for nybygg og endringar av eksisterande bygg¹⁸.

Nærsonen 1 er områda som ligger tettast på verdsarvminnet og er del av det synlege landskapsrommet, i tillegg til det historisk nære gardsområdet med strandsone.


Innanfor delområde Ornes er det definert ei *høgsensitiv nærsonen*. Den høgsensitive nærsona omfattar område som ligg i direkte nærleik av stavkyrkja, og utgjer det "synlege" nabolaget. Tiltak og inngrep i dette området vil ha ein meir direkte effekt på opplevinga og ivaretakinga av verdsarvminnet. Tiltak og inngrep i den resten av buffersona kan ha mindre påverknad av verdsarvverdiane.

¹⁸ Reguleringsplan Ornes:

<https://webhotel3.gisline.no/GisLinePlanarkiv/4644/1997002/Dokumenter/1426-1997002-B.pdf>, lasta ned 24.11.22.

Reguleringsplan for Ornes bør reviderast og då må føringar for utforming av nybygg inngå i reguleringa. Eit verdsarvsenter for Ornes stavkyrkje er under etablering på Ornes. Fortidsminneforeninga er byggherre. Senteret skal verte bygd på ei tomt som ligg utanfor den høgsensitive nærsone, og skal ha ei forsiktig utforming som ikkje dominerer den eksisterande bygningsmassen på Ornes. Detaljreguleringsplan for verdsarvsenter på Ornes vart vedteken av kommunestyret i Luster kommune i 2021¹⁹.

5.1.1 Høgsensitiv nærsone Ornes



Figur 7 Høgsensitiv nærsone Ornes.

Stavkyrkja er plassert høgt oppe på neset. I nærområdet til stavkyrkja, er det eit kulturmiljø med verdiar som står opp om verdsarven. Bygningsmiljøet og landbruks- og kulturmiljøet som ligg i direkte nærleik til kyrkja, den delen av Ornes som er synleg frå stavkyrkja og tunet, må verte sett som ein høgsensitiv del av nærsone. Inngrep her vil ha større konsekvensar for verdsarvminnet enn inngrep som vert gjort andre stader innafor delområde 1.

¹⁹ Fortidsminneforeningen (2020) *Detaljreguleringsplan for Urnes verdsarvsenter* tilgjengeleg frå: https://webhotel3.gjstline.no/webplan_4644/gj_planarkiv.aspx?planid=2020001, lasta ned 24.11.22.

Nord for kyrkja er Støpulhaugen, der støpulen stod plassert i mellomalderen. Denne står i funksjonell samanheng til kyrkja, og må verte rekna som ein støttande verdi. Stølsvegen startar ved Støpulhaugen. Frå stølsvegen går det vegliner til Nystølen, Kveken, Kinsedal, Kroken og Årdal. Stølsvegen har vore sentral for kommunikasjon mellom bygder og over fjellet i tidlegare tider.

Kyrkjebakken har vore ein viktig sosial arena, og har vore ein integrert del av det som har skjedd i kyrkja. Kyrkjebakken var ein sosial møteplass, der det vart utveksla informasjon og inngått avtalar. I samband med kyrkjelege handlingar som dåp og konfirmasjon inngår kyrkjebakken i det kyrkjelege. Kyrkjebakken er ein støttande verdi til verdsarven.

Tunområdet på Ornes må sjåast i ein funksjonell samanheng med kyrkja, og som ein støttande verdi til verdsarven.

På høgda vest for stavkyrkja, er det landbruksareal med nokre gardstun, og fleire eldre spor etter landsbruksaktivitet. Dette inkluderer mellom anna steingardar, stabbesteinar og spor etter strengspel som er med på å understreke tidsdjupna i området. Inngrep i dette området, som til dømes etablering av større landsbruksbygningar og store endringar i kulturlandskapet vil ha innverknad på opplevinga av verdsarvminnet i landskapet.

For å bevare opplevinga og forståinga av stavkyrkja, er det viktig at alle inngrep i nærleiken til stavkyrkja ikkje kjem i konflikt med dei eksisterande strukturane og bygningsmiljøet. Det må ikkje reisast bygg som er høgare enn kyrkja, eller på annan måte dominerer kyrkja sin plass i landskap og bygningsmiljø. Desse interessene er i dag ivaretekne gjennom Reguleringsplan for Ornes, og det er tilrådd at dagens føringar ikkje vert letta på i eventuell revisjon av reguleringsplanen.

5.1.2 Tunet (Klyngjetunet)

Ein veit at garden Ornes tilbake i mellomalderen var eit stort gods, men det er behov for forskning knytt til kyrkja og tunet i mellomalderen for betre forvaltning og formidling av området.

Mest sannsynleg har gardstunet lege på same plass tilbake til mellomalderen. På Ornes vaks eit klyngjetun gradvis fram der både stovehus og uthus stod tett i tett. I 1712 var det ein storbrann der nesten alle bygningane i klyngjetunet brann opp. Stavkyrkja og kanskje eit par bygningar til stod att. Høgst sannsynleg starta oppattbygginga straks og eit nytt klyngjetun vaks fram på same staden.

Frå ca 1660 aukar det skriftlege kjeldematerialet generelt med innføring av skattelister. Utover 16-1700-talet aukar folketalet og i takt med dette deling av gardsbruk og etablering av husmannsplassar, oftast nede ved fjorden eller i utkanten av gardsområdet. På Ornes skjedde delinga i form av utskiljing av bygselbruk (leiglendingar). På det meste var det 8 leiglendingar på Ornes før systemet vart heilt avvikla 1883/84. Husmannsplassane vart som andre stader avvikla på slutten av 1800- / tidleg 1900-talet.

Som fylgje av garddeling vart også teigar i inn- og utmark delte mellom gardsbruka. Dette førte til vanskelege driftsforhold. Med bakgrunn i *Lov om Jords og Skovs utdskifting af Fællesskab av 1857* (Jordskiftelova) vart det gjennomført ei omfattande utskifting i 1865. Dette førte til betre arrondering av innmarka og ei lettare og meir rasjonell drift.


Dagens situasjon

I dag er det 2 gardsbruk i tunet, eit bustadhus og Fortidsminneforeninga sitt besøkssenter, med til saman 16 bygningar. To av bygningane kan ha ein kjerne av tømmer som er frå tida før brannen. Tunet ber også preg av bygningar frå ulike tidsperiodar.

To av bygningane i tunet er meldepliktige jfr Kulturminnelova §25 (dvs ikkje freda byggverk frå før 1850).

Mykje tyder på at SEFRAK-registeret er mangelfullt både på Ornes og elles i buffersona. Oppdatering av registreringane må difor vurderast og at den omfattar bygningar bygd før 1945.

5.2 Delområde 1 Ornes



Figur 8 Delområde 1 Ornes.

Ornes har hatt busetnad langt attende i tid, og området har fleire spor etter dette. I tidlegare tider var fjorden ferdselsåra. I tillegg til fjorden, var det gamle ferdsleveggar over fjellet mot Årdal. Langs fjorden finn me to viktige gravhaugar: Skipphaugen og Ragnvaldshaugen. Desse har vorte plassert på plassar som var godt synlege frå fjorden, og soleis kunne signalisere at landskapet var tatt i bruk. Langs gamlevegen frå fjorden opp mot tunet, står bautasteinen, kalla Høgesteinen, frå jernalderen. Desse kulturminna syner tidsdjupna på staden, og fortel om grunnlaget for stavkyrkja. Bautasteinar var stilt opp på eller ved ein gravhaug. Dei

kunne og verte reist på flat mark, åleine eller saman i grupper. Bautasteinane vert daterte til jernalder.

Forbi Høgesteinen finn me spor etter ein gamal veg, ein holveg, som truleg er eldre enn kyrkja. Vegen er også synleg på utskiftingskartet frå 1865. Dette indikerer at tunet på Ornes alt i eldre jernalder var plassert oppe på terrassen, der tunet ligg i dag.

I området finst også spor etter andre vegfar mellom sjøen og kyrkja, som vart brukt i samband med gudstenester. Desse vegfara finn me også att i stadnamn som Innstå og Utstå; båtstøer som var nytta ved tilkomst til kyrkja.

Ved tilkomst til Ornes med ferje, er Nedre Bugge innfallsport til kyrkja. Gardstunet syner gardstrukturen på neset. Her finn me også den gamle lensmannstova på Ornes. Strandsona med sine naust og vorrar er viktig for førsteinstrykket ein får av staden, og vitnar om verdien fjorden har hatt, og enno har, for området. Når ein går opp mot kyrkja langs vegen, er gardane Øvre Bugge og Heggeteig sentrale for opplevinga av staden. Langs vegen passerer ein også bygda sine forsamlingslokale; skulehuset og bedehuset. Området er i dag prega av bær- og fruktproduksjon, og gir eit inntrykk av ei levande bygd.

Gardstuna Hatlevoll, Vollen, Dale, Solberg og Bøen ligg langs den gamle bygdevegen. Gardane har eldre bygningsmasse, og restar av gamle frukthagar. Dette tilfører verdi til forståinga og opplevinga av landskapet på Ornes.

Før utskiftinga i 1865 var garden prega av ei sterk teigdeling – med små og større teigar som kunne vera avgrensa av steingardar. Etter utskiftinga endra mykje seg. I løpet av få år måtte dei reetablere drifta på større samanhengande teigar og mange steingardar og gjerde vart fjerna og eit fåtal frå tida før utskiftinga står att.

Klyngjetunet vart også oppløyst og dei nye bygningane vart flytta til nye tun, plassert i tilknytning til dei store teigane gardeigarane var tildelt.

Ved sidan av spor etter gamal landbruksdrift, finn me fleire tekniske strukturar i området. På utskiftingskartet for Ornes er det kartfesta 330 steingardar, bakkemurar og steinrøyser. I dag er det att 58 av desse kartfesta strukturane, i tillegg har nye kome til i tida etter utskiftinga.²⁰

På Ornes har det i mange år vore gjort mykje forskingsarbeid på stavkyrkja. Kristian Bjerknes (1901-1981), arkitekt og konservator, er ein av fleire som har forska på stavkyrkja. Bjerknes gjorde grundige studiar og omfattande restaureringsarbeid av Ornes stavkyrkje. Bjerknes bygde seg eit sommarhus nord for stavkyrkja, som etterkvart vart ein base for forskingsarbeidet. I eit kulturminneperspektiv er dette huset difor interessant. Det var i bruk av fleire av forskarkolleagaene hans, som Knud J. Krohg og Håkon Christie, som også har lagt ned eit stort forskingsarbeid om Ornes stavkyrkje.

Mindre inngrep i dette området bør vere omsynsfulle, då dette er eit småskala landskap, men kan ha like stor innverknad på stavkyrkja og verdsarvverdiane som inngrep i den høgsensitive nærsone. Store inngrep som byggefelt, fellesfjøs, store nye driftsbygningar kan kome i konflikt med verdiane i området, og kyrkja sin OUV.

5.2.1 Verdsarvsenter på Ornes

Det skal byggast eit verdsarvsenter på Ornes. Miljødirektoratet autoriserte Ornes som verdsarvsenter i 2019. Fortidsminneforeninga eig og vil drive senteret.

Senteret skal verte reist på ei kileforma tomt som ligg i krysset mellom fylkesvegen mot Kinsedal, og vegen opp mot tunet. Tomta er ikkje synleg frå tunet og stavkyrkja. Tomta er synleg frå fjorden. Senteret vil såleis ikkje forstyrre den visuelle opplevinga kring tunet og stavkyrkja. Etter avslutta arkitektkonkurranse våren 2022, er det vald eit vinnarbidrag. Prosjektet «Orneskilen» av Lipinski Arkitekter/A.C.B./ Tobias Laukenmann vann arkitektkonkurransen for Ornes verdsarvsenter.

²⁰Aurland Naturverkstad (2009) *Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune* s.28



Figur 9 Vinnarbidraget «Urneskilen» frå arkitektkonkurransen til Urnes verdsarvsenter. Foto: Lipinski Arkitekter, henta frå www.urnesstavkirke.no.

Eit viktig prinsipp i arbeidet med nytt besøkssenter, er å gi det ei form som ikkje dominerer landskapet og etablert bygningsmiljø, men snarare underordnar seg dette. Heilskapen til landskapet og Ornes sitt kulturmiljø er ein raud tråd i konseptet, og skal leie til eit bygg som tar vare på sin estetiske eigenverdi, på same tid som det er integrert i området sitt særpreg.²¹

5.2.2 Verdsarvverdiar, tilhøyrande verdiar og viktige element i delområde 1

Kjennemerke for verdsarven	
Stavkyrkja – bygget	Verdsarvverdi
Kyrkjegard	Verdsarvverdi
Kyrkjegardsmur	Verdsarvverdi
Verdiane i området kring verdsarven	
Kyrkjebakken	Tilhøyrande verdi
Støpulhaugen	Tilhøyrande verdi
Tunet (det tidlegare klyngjetunet)	Tilhøyrande verdi
Stølsvegen	Tilhøyrande verdi
Holveg	Tilhøyrande verdi
Høgsteinen- kulturminne-id 45464	Tilhøyrande verdi
Ragnvaldshaugen- kulturminne-id 25509	Tilhøyrande verdi
Skiphaugen – kulturminne-id 6428	Tilhøyrande verdi

²¹ Planar og byggjeprosess Urnes verdsarvsenter: <https://urnesstavkirke.no/planar-og-byggjeprosess/>, lasta ned 24.11.22.

Naustområde	Tilhøyrande verdi
Utså	Tilhøyrande verdi
Innstå	Tilhøyrande verdi
Omkringliggende dyrka mark og slåtteteigar	Tilhøyrande verdi
Eldre gardstun	Viktig element
Bjerkneshytta	Viktig element
Bedehuset	Viktig element
Skulehuset	Viktig element
Nedre-Bugge	Viktig element
Kaia	Viktig element

5.2.3 Arkeologiske spor i delområde Ornes

Dei arkeologiske spora på Ornes syner at området har vore attraktivt for menneske å busette seg i allereie i forhistorisk tid. Fleire gravrøyser og gravhaugar frå jernalderen finst på Ornes. Nokre er blitt fjerna gjennom åra. Ragnvaldshaugen, Skiphaugen, Høgesteinen og holvegen er framleis ein del av landskapet på neset og vitnar om at Ornes var busett i førkristen tid. Gravskikken med å legge avdøde i gravhaugar var for storfolk. Gravminne er og tolka som ein reiskap for å hevde retten til eit område og synleggjere eigedomsforhold og makt.

Det er behov for å gjere nye registreringar kring stavkyrkja, tunet og landskapet for å få ei betre forståing av korleis området har vore brukt gjennom tidene. Bruk av nyare metodar som georadar vil kunne gje ny kunnskap om busettinga og bruken av området og stø opp under forståinga av samfunnet knytt til kyrkja i mellomalderen.

I delområde 1 var det i 2002 121 steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser.²²

I delområde 1 gjeld følgjande planar:

1. Reguleringsplan Ornes²³
2. Detaljreguleringsplan Verdsarvsenter på Ornes²⁴

5.3 Nærsone 2

Nærsone 2 omfattar *delområde Kvanngjelane – Tausasva – Persgjel*, *delområde Solvorn*, *delområde Kinsedal* og *delområde Kroken – Loi*. I nærsone 2 vil inngrep i eksisterande landskapsformer, bygningsstrukturar og eventuelle nybygg og tiltak, i stor grad kunne ha innverknad på opplevinga av verdsarvminnet, og den historiske konteksten. Nærsone 2 omfattar delområde med historisk tilknytning til garden Ornes. Delområde Solvorn står i

²² Aurland Naturverkstad (2009) *Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune* s. 27

²³ Reguleringsplan Ornes:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1997002, lasta ned 24.11.22.


²⁴ Detaljreguleringsplan for Ornes verdsarvsenter:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2020001, lasta ned 24.11.22.

visuell og historisk samanheng med Ornes. Delområde Kroken – Loi står i særleg historisk samanheng med Ornes.

5.3.1 Delområde 2 Kvanngjelane- Tausasva - Persgjel

Området omfattar fjellområde bak busetnaden og gardane på Ornes, som strekker seg frå fjorden og opp til Tausasva (928 moh). Stølsområde for gardar på Ornes. Her buktar den gamle ferdselsvegen forbi Nystølen mot Årdal seg oppover. Dei gamle ferdslevegane er ein støttande verdi for verdsarvminnet. Dei fortel om tider der kontakten mot Årdal var viktig for dei som levde i området, og understrekar forståinga av Ornes si strategiske plassering i mellomalderen. Området var eit viktig ressursgrunnlag for gardane på Ornes i tida kyrkja vart reist, og var del av inntektsgrunnlaget til garden Ornes.



Figur 10 Delområde 2 Kvanngjelane-Tausasva-Persgjel.

Alle bruk og underbruk som hørte til på Ornes hadde stølsrett og støla på Ornesstølane Fodnasete, Røsesete, Nystølen og Kveken.


Den vertikale driftsstrukturen med eit gardsbruk nede ved fjorden og ein eller fleire stølar oppover i fjella er ein del av det tradisjonelle vestlandsjordbruket som strekkjer seg svært langt tilbake i tid. Utmarka var ein særst viktig ressurs for bøndene.

Somme meiner at ulike funn i fjella kan tyde på at det har vore ei form for stølsdrift attende til bronsealderen (1500 – 500 evt.). dei seinare åra er det utført registreringar i indre Sogn og noko som stadfestar at det ser ut til å at dei eldste anlegga stort sett kan daterast til romartida (0-400 evt.) (C14-prøver). Stølsdrifta held fram gjennom heile jernalderen (500 evt.-1050 evt.) og intensiverast i mellomalderen med større konsentrasjon av jordeigedom til større bruk.²⁵

5.3.2 Delområde 3 Loi – Kroken

Området er sentrert rundt garden Kroken, og famnar kring småbruk (tidlegare husmannsplassar) som var skild ut av hovudbruket på 1800-talet. Kroken var ein stor og rik gard, med godt og frodig jordsmonn og naturressursar i form av almeskogen på Loi.

²⁵ Stølsdrift i Indre Sogn: [133481608.pdf \(uib.no\)](https://uib.no/133481608.pdf), lasta ned 20.11.22.



Figur 11 Delområde 3 Loi-Kroken.

Almeskogen er i dag naturreservat. I dag er kulturlandskapet dominert av frukt- og bærproduksjon og slåttemarkar. Frå Kroken går det gamle ferdselsveggar opp mot stølane og over til Årdal, som minner om dei historiske banda som var mellom gardane Kroken/ Ornes og Årdal. Frå Ytre Kroken kan ein følgje stølsvegen til Ornes og tunet.

Området er ikkje synleg frå Urnes stavkyrkje, men står i ein historisk og kulturell binding til verdsarven. Kroken sokna til Urnes stavkyrkje, og dette har me spor etter i kyrkja i dag. Den fremste stolen på kvinnesida i kyrkja: *Krokastolen* vitnar om dette bandet, samt om rikdomen som låg i garden Kroken.

Den historiske koplinga til Urnes stavkyrkje gjer at me lyt sjå Kroken som ein tilhøyrande verdi til verdsarven.

Kroken er viktig for å forstå den historiske heilskapen i Luster og IndreSogn. Historia om Kroken er med på å underbygge historia om Ornes, om rikdomen som mogleggjorde henne, og om tida som løfta stavkyrkjene til nasjonale monument. Kroken var under nasjonalromantikken eit samlingspunkt for kunstnarar og tenkjarar. Ein av desse var målarer J. C. Dahl, som gjennom sitt engasjement for redning av stavkyrkjene, og bidrag til opprettinga av Fortidsminneforeninga med det som formål, var gjest hos Munthefamilien i Kroken. Området sin eigenverdi, med naturreservatet på Loi med sitt biologiske mangfald, er stor, og for verdsarven gir området ei utvida forståing av kultur, kontakt og naturrikdom i regionen.

I Ytre Kroken er det ein gravhaug frå eldre jernalder og to gravhaugar datert til jernalderen. I Indre Kroken finner ein ytterlegare ei gravrøys frå jernalderen. Desse vitnar om den lange tida området her har vore brukt av menneska.

5.3.2.1 Tilhøyrande verdiar og viktige element i delområde 3

Verdiar i buffersona	
Ytre Kroken	Viktig element

5.3.3 Delområde 4 Kinsedal


Sør for Ornes ligg Kinsedal. Dalen går bratt opp frå fjorden, og har små, spreidde gardar på begge sider. Kinsedal har sokna til Urnes kyrkje, og kan i mellomalderen også ha høyrd til garden Ornes. Området er rikt på furuskog, og det er mogleg at material til bygging av kyrkja vart henta frå Kinsedal. I dag er det få fastbuande att i Kinsedal, og dei

fleste eigedomane vert nytta som fritidsbustad. Området har mange spor etter gruvedrifta på 1900-talet, der det var stor aktivitet under andre verdskrig.

Rikdomen i skogen og folket i Kinsedal si tilknytning til kyrkja på Ornes, gjer at Kinsedal tilbyr ei breiare forståing for verdiane som ligg i verdsarven. Folk frå Kinsedal har rodd til Utstå, og delteke på gudstenester og religiøse ritual.

Industrihistoria til Kinsedal gir området ein eigenverdi og fortel oss om ei tid der politikk, teknologi og industri var under store og dels dramatiske endringar. Dette kan me sjå som ei vidareføring av forteljinga om rikdomen i landskapet som me også ser i gravhaugane og stavkyrkja på Ornes.

Området er ikkje synleg frå verdsarvområdet, og tiltak her vil ikkje ha visuell forstyrrende effekt.




Figur 12 Delområde 4 Kinsedal.

5.3.3.1 Viktige element i delområde 4 Kinsedal

Verdiar i buffersona	
Kinsedal	Viktig element

5.3.4 Delområde 5 Solvorn



Figur 13 Delområde 5 Solvorn.

Ved å definere delområde Solvorn som nærsoner, vert heile bygda og området opp mot Galden rekna som eit område der tiltak vil ha særleg innverknad på verdsarvverdiane.

For dei aller fleste som vitjar Ornes, er Solvorn innfallsporten. Solvorn ligg i ei bukt i nordsida av Lustrafjorden, tvers over for Ornes. Mellom Solvorn og Ornes går ei lita bilferje.

Solvorn er ein stad med lang tidsdjupne. Gravrøys på området til gardane Stegemarken og Bjørnetun syner at området vart busett allereie i jernalderen. I området finn me kulturminne som spenner seg frå både gravhaugane og

gamle tufter, til arkitektur og bygningsstrukturar som fortel ei historie om utviklinga til norsk tettstadsbusetnad. Denne struktureringa av bygg, vegar og gjeiler finn me att også andre stader, men at den opphavelige kontakten med sjøen i strandsitjarmiljøet er bevart, er spesielt for Solvorn.

Bygningane i Solvorn fortel oss mykje om livet i tidlegare tider, og at regionen har vore eit viktig knutepunkt mellom fjordveg og fjellveg, kjem godt til syne her. Kyrkja i Solvorn vart reist i 1883. Det har tidlegare stått ei tømmerkyrkje frå 1600-talet på staden, og enno tidlegare har det vore ei stavkyrkje her. Eldste skriftlege omtale av stavkyrkja er frå før 1340. Kyrkjestaden frå mellomalderen ligg om lag 100 m sørvest for Solvorn kyrkje. Solvorn som kyrkjestad er nemnd i Bergen Kalvskinn. I 1881 vart Solvorn og Ornes sokn slått saman, og Solvorn vart felles kyrkjestad for dei to bygdene.

Kyrkja i Solvorn og stavkyrkja på Ornes står rett over for kvarandre på kvar si side av Lustrafjorden. Dei to kyrkjestadane har eksistert parallelt med kvarandre.

Forholdet mellom dei to kyrkjene er ikkje berre visuell. Den kjem også til syne i lokale soger. Ei soge fortel om at det budde ei kjempe på kvar si side av fjorden under innføringa av kristendommen. Dei fekk reist kvar si kyrkje. Då kjempa i Solvorn såg at kyrkja på Ornes vart finare enn hans, vart han så sint at han kasta ein diger stein over fjorden, i eit forsøk på å treffe kyrkja. Den kom for kort, og vart til bautasteinen Høgesteinen. Orneskjempa ville ta att, og kasta ein stein mot kyrkja i Solvorn. Denne kom for langt, og vart ståande som ein bauta ovanfor kyrkja.

Solvorn gir oss utfyllande informasjon om Lustrafjorden som knutepunkt mellom fjord og fjell. Staden gir ein større kontekst for tida, området og kulturen som mogleggjorde Urnes stavkyrkje. Som innfallsport til verdsarven, er området sin eigenverdi ein sentral del av den utvida opplevinga av verdsarven. Ser ein ut kyrkjedøra på Urnes, er Solvorn midt i synsfeltet, og har soleis også betydning for korleis ein opplev sjølve verdsarvområdet. Alle desse faktorane gjer at me reknar Solvorn som del av nærsone. Inngrep i området, vil potensielt kunne påverke opplevinga av verdsarven, anten gjennom si rolle som innfallsport, eller gjennom den vesentlege visuelle kontakten mellom Ornes og Solvorn.

5.3.4.1 Tilhøyrande verdiar og viktige element i delområde 5

Verdiar i buffersone	
Strandsitjarmiljøet	Tilhøyrande verdi
Landskapet rundt tettstaden	Tilhøyrande verdi
Mellomalderkyrkjestaden	Tilhøyrande verdi
Kaien	Tilhøyrande verdi
Walaker Hotell med tingstove	Viktig element
Christianelyst	Viktig element

5.3.4.2 Arkeologiske spor i delområde Solvorn

Lokalitetar som vart utgravne i 2009 vitnar om førhistorisk aktivitet tilbake til eldre bronsealder og fram til folkevandringstid med størst konsentrasjon i romartid. Det vart

mellom anna avdekka restar av eit langhus på om lag 50x9 meter frå yngre romartid/folkevandringstid. I huset vart det funne ulike strukturar, bevarte golvlag og ei mengd gjenstandar som til dømes spinnehjul, vektlodd, perler, keramikk og ein kvernstein. På Gardane Borhaug, Kjeldedal og Øvrabø skal det ha vore fleire gravminne. Det stod ei stavkyrkje i Solvorn som truleg låg nær mellomalderkyrkjegarden. Dette er omtala i skriftsamlinga Diplomatarium Norvegicum frå 1333. Delar av kyrkja er gjenbruka i låven på Walaker Hotell.


I delområde 5 gjeld følgjande planar:

1. Reguleringsplan Borhaug²⁶
2. Reguleringsplan Løteigane²⁷
3. Reguleringsplan Solvorn kyrkje²⁸
4. Reguleringsplan Solvorn²⁹

5.3.5 Delområde 6 Mollandsmarki

Delområde 6 er eit område bestående av gardsområder med innmark.

Mollandsmarki er ei grend som består av landbrukseigedommar. Grendi ligg på eit høgdedrag, på eit platå mellom Solvorn og fjellet Molden. Grenda vender seg vest over Lustrafjorden. Området er godt synleg frå verdsarven, og formidlar dei historiske linjene om jordbrukstradisjonar. Det er ei grend som fangar merksemda til dei som vitjar verdsarven, då plasseringa og det aktive landbruket inviterer til undring og refleksjonar kring korleis landskapet har vore, og stadig er tatt i bruk



Figur 14 Delområde 6 Mollandsmarki.

²⁶ Reguleringsplan Borlaug:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2005003

²⁷ Reguleringsplan Løteigane:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1986001

²⁸ Reguleringsplan Solvorn kyrkje:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2016001

²⁹ Reguleringsplan Solvorn:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1995007


5.3.5.1 Tilhøyrande verdiar og viktige element i delområde 6

Verdiar i buffersona	Tilhøyrande verdi
Mollandsmarki	Tilhøyrande verdi

5.3.6 Delområde 7 Fjorden 1

Delområde 7 omfattar den delen av Lustrafjorden som er nærast delområde 1 og er definert som fjordområdet mellom Ornes og Solvorn, med grense til Skophamarneset i sør og Vedvik i nord. Lustrafjorden strekk seg nordover frå hovudarmen Sognefjorden, til den svingar rundt Ornes, eit tydeleg og framstikkande nes, før den går nordaust inn mot Skjolden. Fjorden er omkransa av bratte fjellsider på kvar side av Solvornbukta, med Molden på nordvestsida og Solvornnipa og Vetle Haugmelen på sørvestsida. Dette området har vore det viktigaste for ferdsel mellom Ornes og andre sida av fjorden. Fjordområdet er godt synleg frå stavkyrkja og er viktig for opplevinga av kyrkja si plassering i landskapet.

Ferdsel over fjorden er framleis viktig for dei som bur her og for dei som skal besøkje Urnes stavkyrkje. Det går ei lita bilferje frå Solvorn til Ornes. Ferja er ein viktig del av infrastrukturen, og vert mellom anna nytta av pendlarar og skulebarn. I turistsesongen fraktar den hovudtyngda av turistar til stavkyrkja over fjorden frå Solvorn. Ferda over dette fjordstrekke er ein viktig del av å opplevinga når ein besøkje stavkyrkja. Inngrep i området, vil potensielt kunne påverke opplevinga av verdsarven gjennom den vesentlege visuelle kontakten mellom Ornes og Solvorn fjorden utgjør.



Figur 15 Delområde 7 Fjorden 1.

5.3.6.1 Tilhøyrande verdiar og viktige element i delområde 7

Verdiar i buffersona	Tilhøyrande verdi
Sognefjorden/fjordlandskapet	Tilhøyrande verdi

6 Fjernsona

Føremålet med fjernsona er å ivareta det synlege landskapsrommet og busetnader med sine siktelinjer ut frå og innsyn til verdsarven Urnes stavkyrkje. I tillegg til områder med historisk tilknytning til gardsvaldet Ornes, og kulturell samanheng med kyrkja.

Området gir inntrykk av ein natur som er relativt urørt, og fri frå større landskapsinngrep. Område innafor fjernsona må skjermast frå inngrep som tilfører visuell ureining og lydureining, og såleis verkar svekkande på landskapsrommet og siktelinene til og frå verdsarven.

Delområda i buffersona er delt inn etter karakter, bruk og/ eller geografisk tilhøyr. Fjernsona er dominert av fjell, fjordlier og fjord. Mollandsmarki og Nes er prega av busetnad- og landbruksaktivitet.

Då Urnes stavkyrkje vart skriven inn på verdsarvlista i 1979, var plasseringa på neset, og det storslegne fjordlandskapet vurdert i innskrivinga. I 1979 var ein meir oppteken av enkeltobjekt enn den store samanhengen objektet står i, men denne oppfatninga har endra seg, og den større samanhengen vert no sett på som ein vesentleg del av opplevinga og forståinga av eit kulturminne. Dette er det tatt høgd for i den retrospektive innskrivinga vedteke av Verdsarvkomiteen i 2013.

Møtet med verdsarven Urnes stavkyrkje byrjar lenge før ein står i tunet. Tilreisande til Ornes kjem anten med ferja frå Solvorn, eller langs Sørsidevegen frå Skjolden. Landskapet er ein del av totalopplevinga, og har fleire synlege spor etter menneske frå nær og fjern fortid, som til dømes gravrøyser, eldre vegfar og bygningsstrukturar.


Sjølv om mykje av transporten i dag er på land, er det stadig båttrafikk på Lustrafjorden. Ferja Ornes-Solvorn er einaste rutebåt, men det er reiselivsaktivitet på fjorden i turistsesongen. Det er ei djupvasskai i Skjolden som tar i mot cruiseskip. Det er aktørar som leiger ut kajakk og driv med RIB på fjorden. I Marifjøra, Gaupne og i Høyheimsvik er det småbåthamner, og det er ein del aktivitet med fritidsbåtar om sommaren.

Dei viktigaste verdiane i fjernsona, er den urørte naturen og kulturminne og bygningsmiljø som underbygger kyrkja si historie, og den store tidsdjupna i området. Langs fjorden finn ein fleire gravminne som underbygger den historiske konteksten til Urnes stavkyrkje.

Menneska som har levd i området har nytta ressursar frå fjell til fjord. Fjella har vore nytta til jakt og ferdsel, i tillegg til sommarbeite og stølsområde knytt til gardane. Utmarka har vore nytta til slått, skogbruk, lauving og hausting, medan innmarksteigar har vore brukt som åker og eng. Fjorden har vore viktig for fiske, i tillegg til å vera den mest effektive måten å frakte folk og varer. Det store landskapsrommet som strekker seg vertikalt frå fjord til fjell, har vore viktig for leve- og inntektsgrunnlag for gardane rundt Lustrafjorden.

Fjernsona omfattar områder med særleg omsyn til landskapsformer, og som har historisk tilknytning til gardsvaldet Ornes, eller som er synleg frå verdsarvminnet. Fjernsona vert avgrensa i aust mot kommunegrensa til Årdal. Sona omfattar delområde *Fjordliene Kinsedal – Kvarven, Krokadalen, Tisedalshøgdi og Marheimsholten, Fjell og fjordlier Haugmelen – Molden, Nes og Fjorden.*

6.1 Delområde 8 Fjordliene Kinsedal – Kvarven



Området strekker seg frå Vetlemannsgjel og følgjer fjordlinja og høgdedraga mot munningen av Lustrafjorden til Kvarvholten og Kvarven. Området består av bratte lier, skog og gjel. Det er ikkje synleg frå stavkyrkja, men området står i ei historisk tilknytning til mellomaldergarden Ornes


I dette området ligg husmannsplassen *Kvalen* att med bygningar. Husmannsplassen vitnar om det tidlegare klassesamfunnet i Noreg. Luster kommune hadde, i lag med Tinn, den største prosentvise utvandringa til Amerika. Rikdomen i stavkyrkja, truleg bygd av hovudgarden på Ornes og husmennene sine tronge kår og låge stilling i samfunnet, er del av ei felles historie. I området finn me rike ressursar i skog. Store delar av skogen høyrde til hovudbruket på Ornes.

Store delar av området er omfatta av frivillig skogvern. Eit føreslege naturreservat ligger i området. Naturreservat Buggestrand ligger i kø for utnemning, og skal truleg verte vedteken i statsråd i 2022.

Figur 16 Delområde 8 Fjordliene Kinsedal-Kvarven.


6.2 Delområde 9 Krokadalen – Tisedalshøgdi – Marheimsholten

Området er eit fjellområde, som står i funksjonell samanheng til gardane Kroken, Kinsedal og (i historisk tid) truleg Ornes. Området sine yttergrenser følgjer Krokadalen, opp til Marhellaren, og følgjer kommunegrensa til Årdal i aust, og famnar kring Tisedalshøgdi over fjordliene til Kinsedal. I området ligg fleire stølar som har tilknytning til Kroken og Kinsedal: Nystølen, Kveken, Sippelhaug og Dalastølen. Området er viktig for forståinga av Ornes Stavkyrkje, då det fortel om inntektsgrunnlag og gardsdrift. Dette er med på å teikne det historiske landskapet som mogleggjorde Ornes. Området vert stadig nytta til noko beite.



Figur 17 Delområde 9 Krokadalen-Tisedalshøgdi-Marheimsholten.

6.3 Delområde 10 Fjell og fjordlier: Haugmelen – Molden




Figur 18 Delområde 10 Fjell og fjordlier: Haugmelen-Molden.

Heile området er godt synleg for verdsarvstaden, og gir området sitt preg av intakt natur. Området famnar kring fjell og fjordlier på nordsida av Lustrafjorden, som er synlege frå verdsarvområdet. Området strekker seg frå Store Haugmelen til Molden, og strekker seg ned i mot Lustrafjorden sør for Gaupnefjorden. Ein vesentleg del av verdien for opplevinga av verdsarven, er fjordlandskapet med sine bratte fjellsider og karakteristiske toppar. Landskapet har få inngrep, og står fram i stor grad slik det gjorde då stavkyrkja vart reist. Husmannsplassen Stuaflåten, som er eit visuelt festepunkt sett frå Ornes, ligg mellom Mollandsmarki og Lustrafjorden. Stuaflåten er del av den no nedlagde garden Ytre Eikum, og var busett fram til 1913. Området ber spor etter livet langs fjorden då fjorden var ferdselsåre, og med sin dominerande karakter av urørt natur, kan dei historiske linjene trekkjast tilbake til isen si utforming av fjordlandskapet. Eit karakteristisk trekk ved området er slåtteteigar med småe løer.

6.4 Delområde 11 Nes

Nes er eit bygdesamfunn som ligg på vestsida av Lustrafjorden, omlag ti kilometer innanfor kommunesenteret Gaupne. Nes er synleg frå verdsarvområdet og avgrensar det store landskapsrommet som Ornes stavkyrkje står i. Siktelinene frå stavkyrkja vert i sommarhalvåret dels skjult av vegetasjon. Nes er kyrkjestad frå gammalt, og i frå 1200-talet til 1835 var ei stavkyrkje reist der dagens kyrkje (1836) står. Området har vore tatt i bruk lenge, noko som to gravhaugar og tre gravrøyser vitnar om. Nes har lik Ornes vore eit område med rike gardar og lang tidsdjupne.




Figur 19 Delområde 11 Nes.

I delområde 11 gjeld følgjande planar:

1. Neshøgdi omregulering³⁰
2. Reguleringsplan Orrhaug³¹

6.5 Delområde 12 Fjorden 2



Figur 20 Delområde 12 Fjorden 2.

Delområde12 omfattar deler av Lustrafjorden. Fjorden har vore svært viktig for livet langs Lustrafjorden sidan menneska kom til området. Her har ein drive fiske, fangst og transport.

Lustrafjorden er ein av dei inste fjordarmene i den 206 km. lange Sognefjorden. Lustrafjorden er om lag 40 kilometer lang, frå den skil lag med hovudarmen Sognefjorden, og ender i Skjolden

Fjorden er omkransa av bratte fjordsider, som strekker seg opp mot 1500 moh før det flatar ut. Fjordsidene er bratte og høge på aust- og sørsida av fjorden, og noko lågare på vestsida.

Fjorden har gjort det mogleg å effektivt transportere varer og folk frå kyst og utland, inn i landet. I vikingtida var Sogn eitt av dei mektige rika i det som i dag er Noreg, med Kaupanger som hovudsete. Harald Hårfagre, i fylje saga, arva Sogn, og Sogn vart soleis det første riket han samla i samlinga av Noreg.

Høvdingar og storfolk i Sogn har handla med det store utlandet med utgangspunkt i fjorden. Frå fjordarmene sette dei ut både i viking og i handel. Dei reisande hadde med seg varer for sal og bytte

ut, og tok med seg impulsar, rikdom og varar frå verda utanfor heim. Fleire av dei norske deltakarane i korstoga, sette ut frå Sogn.

I botnen av Lustrafjorden startar Sognefjellsvegen, ein gamal ferdsselsveg som me finn nemnd i sagalitteraturen. Luster har soleis vore eitt av knutepunkta mellom innland og hav, og dermed ein naturleg plass for utveksling av varer og nyhende.

Fjorden var den viktigaste infrastrukturen mellom bygdene i området. Ein rodde til og frå byder, samlingar og gudstenester, og hatt tilgang på fiskeressursar. I dag har me opplevd ein kraftig nedgang i fiskebestanden.

Langs fjorden finn me fleire område med naust, som vitnar om båtulturen som rådde. Fjorden vert framleis nytta til båttransport, i hovudsak fritidsbåtar. Ferja mellom Solvorn og Ornes er eit framhald av bruken av fjorden som motorveg.

³⁰ Omregulering Neshøgdi:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2018003, lasta ned 25.11.22.

³¹ Reguleringsplan Orrhaug:

https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2004001, lasta ned 25.11.22.

6.5.1 Tilhøyrande verdiar i delområde 12

Verdiar i buffersona	
Sognefjorden/ Fjordlandskapet	Tilhøyrande verdi

6.6 Tiltak som kan verke forstyrrende på verdsarvverdiane

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over ulike tiltak som kan verke forstyrrende på verdsarvverdiane og kva type innverknad dei vil kunne ha på verdsarven sin OUV. I tillegg viser den til kven som er ansvarleg mynde og kva lovverk som tiltaka vert handsama etter. Tabellen er ikkje uttømmende.

Tiltak	Innverknad på verdsarvverdiane	Ansvarleg myndigheit	Heimelsgrunnlag	Sone
Utbyggingar bustad, fritidsbustad, næringsbygg inkl. landbruk	Visuell	Luster kommune	PLBL / Reguleringsplan Ornes/Solvorn	Nærsoner 1, 2
Etablering av kommunal infrastruktur som VVA	Visuell Støy Lys	Luster kommune	Pbl. Kml.	Høgsensitiv nærsoner
Etablering av oppdrettsanlegg	Visuell Støy Ureining Biologisk mangfald	Statsforvaltaren Vestland Fylkeskommunen Mattilsynet Kystverket - regionkontor NVE	Ureiningsslova Akvakulturlova Matlova og dyrevelferdslova Havne- og farvannsloven (landbaserte anlegg)	Nærsoner 1, 2 Fjernsoner
Etablering eller utviding av infrastruktur (høgspenning etc.)	Visuell Støy	Statnett Luster kommune	Energilova Konsesjonslova Pbl	Nærsoner 1 Fjernsoner
Vindkraft, landanlegg	Visuell Støy Lys Biologisk mangfald	NVE	Konsesjonslova Energilova	Nærsoner 1, 2 Fjernsoner
Fasadeendringar mm. på bygningar	Visuell	Luster kommune	Pbl. Reguleringsplan Ornes	Høgsensitiv nærsoner
Solkraftanlegg	Visuell	NVE	Energilova	Nærsoner 1,2
Trafikklysingar	Visuell Trafikktryggleik Støy	Luster kommune Vestland Fylkeskommune	Plan- og bygningslova Vegeigar	Høgsensitiv nærsoner
Utbygging av ferjekai	Visuell	Luster kommune	Pbl. Reguleringsplan	Nærsoner 1,2
Kraftutbygging	Indirekte konsekvens	NVE	Vassdrags- og konsesjonslova	Nærsoner 2,
Småbåthamn	Indirekte konsekvens Støy	Luster kommune	Pbl Reguleringsplan	Nærsoner 1, 2

Masseuttak	Indirekte konsekvens Støy	Miljødirektoratet DirMin Luster kommune	Pbl No-go prinsipp UNESCO Driftskonsesjon DirMin Reguleringsplan mineral	Nærsoner 1,2 Fjernsoner
Etablering av bru	Visuell Lys	Luster kommune	Pbl	Fjernsoner
Luftkabler over fjorden	Visuell	Statnett NVE	Energilova	Nærsoner 2 Fjernsoner
Båttrafikk på fjorden	Luftureining Visuell Støy	Luster kommune	Lov om ureining	Nærsoner 1, 2

Tabellen nedanfor viser ulike typar hendingar og aktivitetar som kan ha ein negativ innverknad på verdsarven sin OUV. Tabellen er ikkje uttømmende.

Hending	Innverknad på verdsarvverdiane	Verktøy/ behov	Sone
Droneflyging	Støy Materiell skade	Droneforbod Utgreie høve til dette Luftfartsloven	Nærsoner 1
Parkering/ biltrafikk	Visuell Støy Slitasje	Pbl	Nærsoner 1, 2
Masseturisme	Støy Visuell Slitasje	Strategi for berekraftig besøksdrift	Nærsoner 1
Aktivitet knytt til turisme: helikopterflyging, gondol, cruise mm.	Visuell Støy Lys Øydelegging	KU Strategi for berekraftig besøksdrift Luftfartslova Pbl	Nærsoner 1, 2 Fjernsoner
Transport av besøkande opp til kyrkja	Visuell Støy	Overordna plan for transport/ trafikk i aksene Galden-Ornes- Skjolden Vegtrafikklova	Nærsoner 1
Fråflytting, nedlegging av aktivitet, bygningsforfall	Visuell Attgroing	Tilskott til landbruk i verdsarven Infrastruktur Handheving av bu- og driveplikt	Nærsoner 1,2
Brann	Øydelegging	Brannsikringsplan for klyngjetunet Sikringstiltak for kyrkja Naboskap og aktivitet Skjøtsel av kulturlandskap	Nærsoner 1, 2
Vegetasjonsbrann	Øydelegging	Skjøtsel Informasjonstiltak	Nærsoner 1, 2
Klimaendringar	Hurtigare nedbryting Flaum Overvatn Attgroing	Klimaframskriving Kartlegge sårbarheit og motstandskraft	Nærsoner 1, 2 Fjernsoner
Attgroing av kulturlandskap	Visuell	Tilskott til landbruk i verdsarven Stimulere til busetnad Jordlova/ Bu og driveplikt	Nærsoner 1, 2
Forfall på bygningar og anlegg	Visuell	Prioritering av tilskottsordningar for istandsetting av kulturminne og kulturmiljø	Nærsoner 1, 2
Nedgang i folketal og tomme hus	Visuell Attgroing Bygningsforfall	Tilskott til landbruk i verdsarven Betre kommunikasjon over og langs fjorden Tilgang på bustader	Nærsoner 1, 2 Fjernsoner

7 Forvaltning

7.1 Fortidsminneforeininga (eigar) si rolle

Stavkyrkja er eigd av Fortidsminneforeininga. Eigar sitt ansvar medfører:

- Sikre god forvaltning av verdsarvminnet sin OUV
- Praktisk oppfølging av Verdsarvkonvensjonen sine operative retningslinjer
- Dagleg drift og vedlikehald
- Oppfølging av sikringsanlegg og sikkerheitsrutinar

Miljødirektoratet autoriserte Urnes stavkyrkje som verdsarvsenter i oktober 2019. Nytt besøkssenter er under planlegging³². Fortidsminneforeininga har ansvar for utvikling av dette.

7.2 Luster kyrkjelege fellesråd si rolle

Solvorn sokn er eigar av kyrkjegarden. Luster kyrkjelege fellesråd tek i vare forvaltning av kyrkjegarden på vegner av soknet jf. *Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd, gravferdsforskrifta*

7.3 Luster kommune si rolle

Luster kommune er planmyndigheit for området og har ansvar for m.a. fylgjande:

- å forvalte kulturmiljø, kulturminne og landskap i sitt planarbeid jf. Plan- og bygningslova.
- myndigheit etter reglane i jordlova
- beredskap og infrastruktur knytt til verdsarven og andre viktige kulturminne og kulturmiljø i området
- beredskap for vasstilførsel
- kommunale vegar

7.4 Vestland fylkeskommune si rolle

Fylkeskommunen er eit regionalt styringsnivå, mellom kommune og stat. Fylkeskommunen er underlagt folkevald politisk styring med fylkestinget som øvste organ, og fylkesordførar som politisk leiar.

- Automatisk freda kulturminne

Vestland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak som gjeld automatisk freda kulturminne og har dispensasjonsmynde etter kulturminnelovas § 8 første, andre og fjerde ledd til å tillate eller nekte inngrep i slike kulturminne. Automatisk freda kulturminne definerast som kulturminne frå

³² Nettsida til Urnes stavkyrkje: <https://urnesstavkirke.no/>

oldtid og mellomalder (inntil år 1537) etter kml § 4. Fylkeskommunen har ansvar for automatisk freda kyrkjegardar frå mellomalder og omgjevnadene til automatisk freda kyrkjer.

- Kulturminne frå nyare tid

Fylkeskommunen er regional kulturminnemynde. Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak som gjeld bygningar/bygningsmiljø og kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi. Fylkeskommunen har også ansvar for omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene i plan- og byggesaker. Fylkeskommunen har dispensasjonsmynde for vedtaksfreda kulturminne.

Som regional planmynde gjev fylkeskommunen innspel til reguleringsplanar, har motsegnsmunde i saker etter plan og bygningslova når regionale eller nasjonale verdiar er trua.

Vestland fylkeskommune er i tillegg engasjert i ulike utviklings- og verdiskapingsprosjekt knytt til kulturarven i fylket.

- Andre ansvarsområde

I tillegg til den delegerte mynda knytt til kulturminne har fylkeskommunen mange ulike ansvarsområde. Nokon av dei viktigaste er vidaregåande opplæring, kultur, samferdsel, fylkesvegane, næringsutvikling, klima og miljø.

7.5 Riksantikvaren si rolle

Riksantikvaren er direktorat for kulturminne og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utforming av statleg kulturminnepolitikk. I verdsarvsamanheng, tek Riksantikvaren vare på statsparten si rolle og forpliktingar i samsvar med konvensjonen for verda sin natur- og kulturarv, på vegne av Klima- og miljødepartementet.

Riksantikvaren forvaltar staten sine midlar og tilskotsordningar til verdsarvområda, er innseiingsmyndigheit i saker etter plan- og bygningslova og har rettleiingsansvar overfor regionale og kommunale myndigheiter i saker som angår kulturminne og kulturlandskap.

Stavkyrkja er automatisk freda under kulturminnelova § 4³³. Riksantikvaren har ansvar for å sikre tryggleiken til dei norske stavkyrkjene.

7.6 Miljødirektoratet si rolle

Miljødirektoratet er fagleg rådgivar for klima- og miljødepartementet i utforminga av den norske miljøpolitikken. Miljødirektoratet forvaltar også statens midlar til verdsarvsentera og er autorisasjonsmyndigheit for desse.

³³ Kulturminnelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>, lasta ned 25.11.22.

7.7 Klima- og miljødepartementet si rolle

Departementet er politisk sekretariat for klima- og miljøministeren, og er øvste myndighet i saker som vedkjem kulturminnevern og naturvern. Gjennom stortingsmeldingar om kulturminnepolitikken og andre tema innanfor miljøpolitikken, legg departementet grunnlag for statleg, fylkeskommunalt og kommunalt arbeid med verdsarvstadar.

Mykje av departementet sitt forvaltningsmynde etter lovverket er delegert til Riksantikvaren (kulturminnelova) og Miljødirektoratet (naturmangfaldlova og forureiningslova) som er to av departementet sine underliggande organ.

Departementet sin budsjettproposisjon fastlegg budsjetta for Riksantikvaren og Miljødirektoratet, og gjer føringar til direktorata for korleis midla skal verte disponerte.

7.8 Statsforvaltaren i Vestland si rolle

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Statsforvaltaren utfører ulike forvaltningsoppgåver på vegne av departementa og er klageinstans for mange kommunale vedtak, blant anna vedtak etter Plan- og bygningslova.

7.9 Andre viktige instansar

7.9.1 Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område

Verdsarven Urnes har hatt eit verdsarvråd sidan 2017. Verdsarvrådet er eit samarbeidsorgan som skal sikre godt samarbeid om oppfølging av verdsarvstatusen som er i samsvar med:

- Innskrivingsteksten
- Intensjonane i Verdsarvkonvensjonen
- Retningslinene for Verdsarvkonvensjonen
- Forvaltningsplanar for verdsarvminnet og dei tilhøyrande områda

Verdsarvrådet³⁴ er sett saman slik:

- Ordførar/ varaordførar i Luster kommune – leiar i rådet
- Styreleiar i Fortidsminneforeininga – nestleiar i rådet
- Fylkesordførar/ fylkesvaraordførar Vestland fylkeskommune
- Eitt medlem frå Luster kommunestyre
- Styreleiar Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane
- Representant for samarbeidsgruppa for grendelaga på Sørsida
- Representant for Solvorn bygdelag

Kvart medlem kan ha med ein representant for administrasjonen som har talerett på møta.

³⁴ Oversikt over medlemmane i Verdsarvrådet:

<https://www.luster.kommune.no/verdsarven.6367435-550489.html>, lasta ned 19.10.22.

Desse vert invitert som observatørar i rådet, med talerett:

- Riksantikvaren
- Dagleg leiar Urnes verdsarvsenter
- Luster kyrkjelege fellesråd
- Statsforvaltaren i Vestland

7.9.2 Verdsarvkoordinator

Alle dei norske verdsarvstadane har ein verdsarvkoordinator som skal fungere som bindeledd mellom forvaltingsnivåa, frivillige organisasjonar, formidlingsinstitusjonar, eigarar og brukarar innanfor verdsarvområdet. Verdsarven Urnes har hatt tilsett ein verdsarvkoordinator i 100% stilling sidan 2016. Sidan 2020 har denne stillinga vore plassert i Luster kommune.

Verdsarvkoordinator er sekretariat for Verdsarvrådet.

Verdsarvkoordinator skal varsle dersom verdsarvverdiane er i fare.

7.10 Lovverk og konvensjonar

7.10.1 Verdsarvkonvensjonen

I 1972 vart UNESCO sin verdsarvkonvensjon etablert. Dette som eit svar på det aukande presset mot kulturminne og naturområde i form av turisme, krig, naturkatastrofe, forfall og forureining. Føremålet med Verdsarvkonvensjonen er å identifisere, sikre, bevare og formidle verdsarv av framifrå universell verdi og overlevere denne til framtidige generasjonar. Lista over den unike kultur- og naturarven vart oppretta gjennom Konvensjonen for vern av verdens kultur- og naturarv (World Heritage Convention). Lista er etablert på bakgrunn av at nokon av verdas byggverk og naturområde har ei så stor betyding at tapet av dei ville vere uerstattelege for menneskeheita. Dette er kultur- og naturarv som har ein så stor verdi at verda har eit felles ansvar for å ta vare på desse stadane. Ved å skrive under på konvensjonen forpliktar kvart land seg til å ta vare på sine egne verdsarvstader og resten av sin nasjonale natur- og kulturarv. Noreg har ratifisert Verdsarvkonvensjonen og soleis forplikta seg til å ta vare på Urnes stavkyrkje og verdsarvverdiane som uttrykt i artikkel 4 :

“Each state party to this Convention recognizes that the duty of ensuring the identification, protection, conservation, presentation and transmissions to future generations of the cultural and natural heritage referred to in articles 1 and 2 and situated on this territory, belongs primarily to that state. It will do all it can to this end, to the utmost of its own resources and, where appropriate, with any international assistance and co-operation, in particular, financial, artistic, scientific and technical, which it may be able to obtain.”³⁵

³⁵ UNESCO, 1972. Convention concerning the protection of the world cultural and natural heritage. Tilgjengeleg frå: <https://whc.unesco.org/archive/convention-en.pdf>

7.10.2 Kulturminnelova (lov av 9.juni 1978 nr. 50)

Lova³⁶ sitt formål er at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal verte verna som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapleg kjeldemateriale, og som varig grunnlag for samtidige og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Lova sitt formål skal verte vekta når det etter anna lov vert fatta vedtak som påverkar kulturminneressursar. Urnes kyrkjestad med kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen, er automatisk freda etter kulturminnelova § 4. Alle tiltak som medfører inngrep i, eller som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemma automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, krev løyve frå kulturmiljøforvaltninga.

Kulturminnelova gjev moglegheit til å frede dei kulturhistorisk mest verdifulle kulturminna frå nyare tid. Freding i medhald av kulturminnelova er det sterkaste vernet eit kulturminne kan få i Noreg.

To av husa i tunet er meldepliktige etter kml §25.

Skjøtsel av automatisk freda arkeologiske kulturminne er regulert gjennom kulturminnelova § 11a. Når grunneigar eller brukar er varsla kan rette mynde, i dette tilfelle fylkeskommunen, mellom anna avbilda, halda i stand, restaurera, bygga opp att, flytta og gjerde inn automatisk freda kulturminne og gjera dei tiltak som trengs til pleie og synleggjere, her under rydde området omkring. Andre som ynskjer å gjera skjøtsel må ta kontakt med fylkeskommunen. Skjøtsel kan berre utførast på vegne av fylkeskommunen. Forutsett at løyve er gitt, gir fylkeskommunen rettleiing om korleis arbeidet skal verte utført, og det må liggja føre avtale med eigar eller brukar. Ein kan ikkje gjera arbeid som kjem i konflikt med § 3 i same lov, så skjøtelsarbeidet må ikkje føra til fare for skade på, endra, dekkja til, skjule eller utilbørleg skjemma kulturminne.

Målet med skjøtsel er å sikra tryggleiken til kulturminna og bevare dei, bl.a. som ein synleg og tilgjengeleg del av kulturlandskapet. Synlege kulturminne syner tidsdjupna i landskapet.

7.10.3 Plan- og bygningslova

Planlegging etter lova skal vere med på å samordna statlege, regionale og kommunale oppgåver, og gje grunnlag for vedtak og bruk og vern av ressursar. Handsaming av byggesak i tråd med lova, skal sikre at tiltak er i tråd med lovverk, forskrifter og planvedtak.

Lova vektlegg tidleg involvering slik at kultur- og naturverdiar vert ivaretekne. Dersom eit overordna forvaltningsnivå vert kjent med at ein kommune ikkje har tatt i vare dette ansvaret i tråd med lova, kan det verte reist innseiing til planen. Avgjerda ligger i siste instans hjå Kommunal- og distriktsdepartementet dersom det ikkje vert nådd semje.

Plan- og bygningslova gjev fylkeskommunane og kommunane verkemiddel til å ta vare på kulturminne og naturområde gjennom å utarbeide regionale planar. Regionale

³⁶ Kulturminnelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50?q=kulturminneloven>, lasta ned 19.10.22.

myndigheiter utarbeider planar som skal verte lagt til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Kommunane skal utarbeide kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Gjennom bruk av omsynssoner og regulering til bevaring vert det gjeve føresegner og retningsliner som sikrar kulturminne og naturområde mot uheldige inngrep. Også generelle bestemmingar i lova kan brukast for å sikre mot uheldige endringar eller for å sikre god utvikling.³⁷

Kulturminne og kulturmiljø kan verte sikra i kommuneplan på tre måtar:

- Omsynssoner med føresegner eller retningsliner, § 11-8
- Bestemmingar til arealføremål, §§ 11-10 og 11-11
- Generelle bestemmingar, § 11- 9

Kulturminne og kulturmiljø kan verte sikra i reguleringsplan på to måtar:

- Omsynssoner med føresegner, § 12-6
- Bestemmingar til arealføremål, § 12-7 kpa/kps
- Plan- og bygningslova er ein viktig reiskap for å sikre opplevinga av stavkyrkja i landskapet, og dei tilhøyrande verdiane som ligg i buffersona.

7.10.4 Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd

Luster kommune v/ kyrkjeleg fellestråd har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjegarden etter §3 Kirkelig fellestråd og kommunens ansvar:

Gravplassmyndigheten har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra soknet. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i gravplasser og tilhørende varige driftsmidler.³⁸

Forvaltning av gravplassen:

Kyrkjerundskrivet, rundskriv Q-06/2020 (Forvaltning av kyrkje, gravplass og kyrkja sine omgjevnadar som kulturminne og kulturmiljø)³⁹ gjev mellom anna føringar for korleis gravplassen og omgjevnadane til kyrkjene skal forvaltast. Mellom anna vert det fastsett at for mellomalderkyrkjegardar kan det gjerast gravleggingar i eksisterande graver utan forutgåande søknad, dersom gravplassen har vore i kontinuerleg bruk sidan

³⁷ 2008: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova) tilgjengeleg frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>, lasta ned 25.11.22.

³⁸ 1996. Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) tilgjengeleg frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-32>, lasta ned 25.11.22.

³⁹ Kyrkjerundskrivet:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/00d635cb742944b2a7a441ea7f20635a/rundskriv-q-06-2020-1.pdf>, lasta ned 25.11.22.

mellomalderen. Om ein gravplass ikkje har vore i bruk etter 1945, vert den ikkje rekna for å ha vore i kontinuerleg bruk. Dersom ein del av den mellomalderske kyrkjegarden ikkje har vore i kontinuerleg bruk, er gravlegging søknadspiktig etter kulturminnelova.

Kyrkjerundskrivet fastset også at gravminne som er eldre enn år 1900 ikkje skal verte flytta eller fjerna før fylkeskommunen har hatt høve til å uttale seg.

Gravplassen vert forvalta etter gravplasslova⁴⁰ (sist endra i 2022) og gravplassforskrifta⁴¹. Luster kyrkjelege fellesråd forvaltar gravplassen.

7.10.5 Andre relevante lover

Naturmangfaldlova

Lova sitt formål er at naturen og naturen sine biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar skal takast vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneska si verksemd, kultur, helse og trivsel, også i framtida, også som grunnlag for samisk kultur.⁴²

Akvakulturlova

Lova skal fremje akvakulturnæringa si lønnsemd og konkurransekraft innanfor rammene av ei berekraftig utvikling, og bidra til verdiskaping på kysten.⁴³

Friluftsløva

Lova definerer innmark og utmark, og definerer forholdet mellom grunneigar og ålmenta. Dette inkluderer ferdsel på inn- og utmark. Forvaltninga er fordelt på alle forvaltningsnivå.

Kommunen kan:

- Innskrenke høve til aktivitetar som (men ikkje utelukka til) riding og sykling.
- Gje avgiftsløyve
- Fastsette åtfærdsreglar
- Vedta sperring
- Gje fråsegn om tvilsspørsmål
- Avgjere innløysningskrav
- Sørgje for kunngjering/ bringe visse vedtak inn for direktoratet
- Krevje stopp/ fjerning av ulovlege innretningar⁴⁴

Jordlova

Lova skal leggje til rette for at arealressursar vert brukt slik at dei best mogleg gagnar samfunnet og dei som har sitt yrke i landbruket.

⁴⁰ Gravplasslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-32>, lasta ned 25.11.22.

⁴¹ Gravplassforskrifta: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-01-10-16>, lasta ned 25.11.22.

⁴² Naturmangfoldloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>, lasta ned 25.11.22.

⁴³ Akvakulturlova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-79?q=akvakulturloven>, lasta ned 25.11.22.

⁴⁴ 1957: Friluftsløva tilgjengeleg frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>, lasta ned 25.11.22.

- Disponeringa av ressursar skal ha hovudvekt på omsyn til busetnad, arbeid og gode driftsløysningar, og ha eit langsiktig perspektiv.
- Kommunen har ansvar for handsaming av saker etter lov og forskrifter.⁴⁵

⁴⁵ 1995: Jordlova tilgjengeleg frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>, lasta ned 25.11.22.

8 Vedlegg

Vedlegg 1: Oversikt over kjennemerke (attributt) og objekt som inngår i OUV

Denne tabellen er ein forenkla oversikt over dei innskrivne verdiane. Rekkjefølga følgjer innskrivingsteksten og er ikkje ei rangering. Ein fullstendig gjennomgang av OUV må gjerast i samband med revisjon av forvaltningsplanen for Ornes og Urnes stavkyrkje.

Overordna verdsarvverdi	Kjennemerke	Objekt
Arkitektur og byggeskikk	Handverkstradisjonen	Kyrkjebygget
Stavkyrkja	Liturgiske gjenstandar frå mellomalder	Bispestolen
		Alteret
	Laust interiør i kyrkja (mellomalder)	Lysekrona
		Lysestake
		Lokk til døypefont
		Kalvariegruppe
	Arkeologi	Gjenverande bevarte kulturlag i kyrkja
	Gjenbruka delar	Nordportal, utskorne panel og hjørnestav
		Relieff i gavlar
		Gjenbruka konstruksjonsdelar
	Andre konstruksjonar og bygningsdelar	Stavkonstruksjon
		Takkonstruksjon
		Svalgang
		Klokketårn
	Dekor	1100-tals treskurd (kapitel)
		Treskurd eksteriør
Kyrkjegarden	Mellomalderkyrkjegard	Arkeologiske kulturlag
		Kyrkjegardsmuren
		Likstein

9 Kjelder

Aurland Naturverkstad (2009) *Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune*.

Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet (2020) *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*. Henta 25.11.22 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/00d635cb742944b2a7a441ea7f20635a/rundskriv-q-06-2020-1.pdf>.

Fortidsminneforeininga (2019) *Planar og byggjeprosess Urnes verdsarvsenter*. Henta 24.11.22 frå <https://urnesstavkirke.no/planar-og-byggjeprosess/>.

Fortidsminneforeininga (2021). *Strategi for berekraftig besøk*. Henta 24.11.22 frå <https://fortidsminneforeningen.no/om-oss/styringsdokumenter/>.

Hope, Brita (2015) *Stølsdrift i Indre Sogn*. Henta 20.11.22 frå [133481608.pdf \(uib.no\)](#).

ICCROM (2022) *Veiledning om Konsekvensutredninger for Verdens kulturarvområder*. Henta 14.11.22 frå <https://www.iccrom.org/news/new-guidance-set-help-reduce-impacts-development-world-heritage-sites>.

Lovdata (2019) *Akvakulturlova*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-79?q=akvakulturloven>.

Lovdata (2021) *Forskrift om tilskot verdsarv*. Henta 24.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-08-13-2514>.

Lovdata (1957) *Friluftsløva*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>.

Lovdata (2022) *Gravplassforskrifta*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-01-10-16>.

Lovdata (2022) *Gravplasslova*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-32>.

Lovdata (1995) *Jordlova*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>.

Lovdata (2018) *Kulturminneløva*. Henta 19.10.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>.

Lovdata (1996) *Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven)*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-32>.

Lovdata (2008) *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova)*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>.

Lovdata (2022) *Naturmangfoldloven*. Henta 25.11.22 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>.

Luster kommune (2020) *Detaljreguleringsplan for Urnes verdsarvsenter*. Henta 24.11.22 frå https://webhotel3.gjislino.no/webplan_4644/gj_planarkiv.aspx?planid=2020001.

- Luster kommune (2019) *Omregulering Neshøgdi*. Henta 25.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2018003.
- Luster kommune (2009). *Reguleringsplan Borlaug*. Henta 24.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2005003.
- Luster kommune 1986) *Reguleringsplan Løteigane*. Henta 24.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1986001.
- Luster kommune (1997) *Reguleringsplan for Ornes*. Henta 24.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1997002.
- Luster kommune (2005) *Reguleringsplan Orrhaug*. Henta 25.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2004001.
- Luster kommune (2001) *Reguleringsplan Solvorn*. Henta 24.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=1995007.
- Luster kommune (2020) *Reguleringsplan Solvorn kyrkje*. Henta 24.11.22 frå https://webhotel3.gisline.no/webplan_4644/gl_planarkiv.aspx?planid=2016001.
- Luster kommune (2022) *Verdsarven*. Henta 19.10.22 frå <https://www.luster.kommune.no/verdsarven.6367435-550489.html>.
- NIKU (2016) *Hvorledes sikre og forvalte norske kirkebygninger i fremtidens klima. Urnes stavkirke*. Henta 20.10.22 frå https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/2428457/Stavkirker_klima_NIKURapport_67_2016_Urnes.pdf?sequence=1&isAllowed=y.
- Norsk Klimaservicesenter (2022) *Urnes stavkirke: Et kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning ved verdensarvsteder*. Henta 21.11.22 frå <https://arcg.is/1PTSrG>.
- Riksantikvaren (2020) *Miljøovervåking av konsekvensene av klimabelastningene på fredete bygninger*. Henta 24.11.22 frå <https://www.riksantikvaren.no/miljoovervaking-av-konsekvensene-av-klimabelastningene-pa-fredete-bygninger/>.
- Riksantikvaren (2021) *Riksantikvaren sin strategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030*. Henta 24.11.22 frå <https://digitalt.ra.no/riksantikvarens-klimastrategi-for-kulturmiljoforvaltning-2021-til-2030>.
- UNESCO (2006) *Boundary of Urnes Stave Church Clarification*. Henta 24.11.22 frå https://whc.unesco.org/en/list/58/multiple=1&unique_number=62.
- UNESCO (1972) *Convention concerning the protection of the world cultural and natural heritage*. Henta 20.10.22 frå <https://whc.unesco.org/archive/convention-en.pdf>.
- UNESCO (2021). *Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention*. Henta 25.11.22 frå <https://whc.unesco.org/en/guidelines/>.
- UNESCO (2013) *Urnes Stave Church (innskrivingstekst)*. Henta 14.11.22 frå <https://whc.unesco.org/en/list/58/>.
- UNESCO. *World Heritage and Extractive Industries*. Henta 24.11.22 frå <https://whc.unesco.org/en/extractive-industries/>.

Urnes stavkyrkje og verdsarvsenteret si nettside: <https://www.urnesstavkirke.no/>, lasta ned 21.11.22.